

Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 25/10208-1

Dato: 14. august 2025

Høyringsvar på NOU 2025: 3 Ny kulturmiljølov frå Arkeologisk Museum, UiS. Ref. 25/1428

Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger, viser til høyringsbrev frå Klima- og miljødepartementet, datert 4. april 2025 med omsyn til **NOU 2025: 3 Ny kulturmiljølov**. Me takkar for høvet til å gi innspel til eit viktig lovarbeid.

Bakgrunn for høyringsinnspelet

Som forvaltingsmuseum med lovpålagt ansvar for arkeologi i Rogaland, og som ein integrert del av Universitetet i Stavanger (UiS), er Arkeologisk museum (AM) ein viktig aktør i norsk kulturmiljøforvaltning. Museet har ei tredelt rolle som forvaltar av den fysiske kulturarven, som ein aktiv forskingsinstitusjon, og som ein viktig kunnskapsformidlar til samfunnet. Ei ny kulturmiljølov vil i stor grad påverke evna museet har til å oppfylle samfunnsoppdraget vårt knytt til kvart av desse kjerneområda.

AM ser behovet for ei modernisering av kulturminnelova frå 1978 og støttar ambisjonen til utvalet om å skape ei meir heilskapleg, berekraftig og kunnskapsbasert lovgiving. Høyringsspelet er meint som eit konstruktivt bidrag til dette som kan gjere at lova blir eit presist, føreseieleg og funksjonelt verktøy for framtidas kulturmiljøforvaltning. Alle vurderingar og framlegg er forankra i grundige analyser og diskusjonar bland dei tilsette ved universitetet og museet på alle nivå. Me trur at våre innspel kan styrkje lova generelt og den framtidige evna til museet spesielt, i arbeidet med å sikre, forvalte, forske på og formidla kunnskapen om fortida vår til komande generasjonar, i tråd med føremålet til lova.

Høyringsspelet frå AM inneheld fire delar:

- **Del 1** inneheld **tilbakemelding på overordna fagleg nivå med** generelle vurderingane frå kjerneverksemda ved museet. Denne delen inneheld prinsipielle drøftingar kring loven sitt formål, forvaltingsmusea si framtidige rolle og funksjon, samt korleis ei samling av all utgravingsverksemd ikkje berre er administrativt forenklande men også fagleg til det betre.
- **Del 2** inneheld **tilbakemelding på konkret fagleg nivå** med faglege tilbakemeldingar og analysar av lovframlegget og diskusjon av kva endringane i den nye lova vil ha for dagleg forvaltinga ved institusjonen vår.
- **Del 3** inneheld **framlegg til konkrete endringar i lovteksten**.
- **Del 4** **Appendiks** med utdjupande bakgrunnsmateriale som det vert referert til.

Me takkar for moglegheita til å medverke med våre synspunkt. Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger, ser fram til den vidare prosessen og stiller gjerne vår kompetanse til disposisjon for departementet om det skulle vere behov for utdjupande kommentarar.

Med vennleg helsing

Magnus M. Haaland
Avdelingsleiar for Samlingar

Kristin Armstrong-Oma
Direktør

Krister Scheie Eilertsen
Avdelingsleiar for Fornminnevern

Sakshandsamar: Magnus Mathisen Haaland, tlf.: 479 14 355

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskrivne signaturar

Høringssvar_NOU 2025-3 Ny Kulturmiljølov_Arkeologisk Museum_15.08.25

Arkeologisk Museum (AM) sitt høyringsinnspel til *NOU 2025:3 Ny kulturmiljølov.*

Innhald

1. FAGLEGE INNSPEL FRÅ AM PÅ OVERORDNA NIVÅ	3
1.1. Lovens formål: kunnskap, meining og oppleving	3
1.2. Reforankring av forvaltningsmusea si rolle og funksjon	4
1.3. Forenkling og heilskapleg forvalting hos universitetsmusea	5
1.4. Riksantikvaren si rolle som nasjonal koordinator (§ 57)	5
1.5. Faglege program for arkeologiske undersøkingar (§ 60)	6
1.6. Berekraftig samlingsforvaltning krev lovfesta samlingsplanar	7
1.7. Geografisk ansvarsfordeling (§ 60)	7
1.8. Natur- og kulturmiljø – sett i samanheng	8
1.9. Kulturmiljølov frå et konserveringsperspektiv	9
2. SPESIFIKKE FAGLEGE VURDERINGAR AV LOVPARAGRAFER	10
2.1. Vurdering av automatisk fredingsgrense	10
2.1.1. § 15 Automatisk freda kulturmiljø	10
2.1.2. § 21 Jordfaste kulturminne frå perioden etter 1650 til og med 1850	11
2.1.3. § 33 Råderett over lause kulturminne	11
2.1.4. § 37 Plikt til å melde frå om og levere inn lause kulturminne	11
2.1.5. § 47 Rett til å undersøkje, sikre, vedlikehalde med meir	11
2.2. Definisjonar	12
2.2.1. § 4 a) Kulturmiljø	12
2.2.2. § 4 c) jordfaste kulturminne	16
2.2.3. § 4 d) Lause kulturminne	18
2.3. Arkeologiske feltundersøkingar	20
2.3.1. § 20 Løyve til inngrep i automatisk freda jordfaste kulturminne	20
2.3.2. § 47 Rett til å undersøkje, sikre, vedlikehalde med meir	21
2.3.3. §§ 48 og 74 Dekning av kostnader (i forbindelse med rettevedtak)	21
2.4. Samlingsforvaltning	22
2.4.1. § 22 Kva kulturmiljø som kan fredast ved vedtak	22
2.4.2. § 33 Råderett over lause kulturminne	23
2.4.3. § 34 Avhending og kassering av lause kulturminne	25

2.4.4.	§ 35 Forbod mot skade på lause kulturminne	27
2.4.5.	§ 36 Søk etter lause kulturminne.....	28
3.	FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I LOVTEKSTEN	32
3.1.	§ 4 Definisjonar.....	32
3.2.	§ 20 Løyve til inngrep i automatisk freda jordfaste kulturminne	32
3.3.	§ 22 Kva kulturmiljø som kan fredast ved vedtak.....	33
3.4.	§ 33 Råderett over lause kulturminne	33
3.5.	§ 34 Avhending og kassering av lause kulturminne.....	33
3.6.	§ 35 Forbod mot skade på lause kulturminne	34
3.7.	§ 36 Søk etter lause kulturminne	34
3.8.	§ 47 Rett til å undersøkje, sikre, vedlikehalde med meir	35

1. FAGLEGE INNSPEL FRÅ AM PÅ OVERORDNA NIVÅ

Oppsummering av del 1. Fagmiljøet ved AM vurderer overordna at:

- den nye føremålsparagrafen er ei viktig modernisering som på ein god måte balanserer omsynet til kunnskap med verdiar som tilhøyrse, oppleving og bruk.
- endringa frå eit «nasjonalt» til eit «felles ansvar» understrekar at musea må vidareutvikla rolla si, både som kunnskapsforvaltar og samfunnsbygger.
- lovframlegget på ein svært god måte reforankrar og styrkjer den heilskaplege, vitskaplege rolla universitetsmusea har i kulturmiljøforvaltninga.
- denne styrkinga byggjer vidare på prinsippet om at forvalting, forskning og formidling er tett kopla saman, og anerkjenner at musea er dei einaste institusjonane som er bygde for dette samfunnsoppdraget.
- ei samling av all forvaltingsinitiert utgravingsverksemd hos universitetsmusea er den prinsipielt beste løysinga for ei meir effektiv og heilskapleg forvalting.
- kravet om faglege program for utgravingar er eit viktig grep som flyttar forvaltninga i ei meir proaktiv og kunnskapsstrategisk retning.
- heile forvaltningskjeda må sjåast i samanheng noko som fordrar at ein i lova må krevje at forvaltningsmusea utviklar standardiserte samlingsplanar, slik at den proaktive kunnskapsinnhentinga blir følgt opp av ei like proaktiv og berekraftig kunnskapsforvalting.
- ei reindyrking av Riksantikvaren si rolle som nasjonal koordinator for å sikre ei einskapleg og føreseieleg forvaltingspraksis er positivt.
- lovframlegget sitt grunnsyn om at kultur og natur må sjåast i samanheng er ei viktig og naudsynt presisering og at den nye lova saman med naturmangfaldlova vil kunne styrkje forvaltninga av landskap og kulturmiljø som heilskap.
- ei utviding av ansvaret for teknisk konservering, både for funn og bygningar, må bli følgt opp med målretta kompetanseheving og ei betre nasjonal samordning av fagfeltet.

1.1. Lovens formål: kunnskap, mening og oppleving

AM støttar moderniseringa av verdigrunnlaget i den nye kulturmiljølova. Førarbeidet til utvalet, forankra i ei internasjonal og utvida kulturarvsforståing, vil kunne styrkje norsk forvalting betydeleg. For oss som museum gjev det meir dynamiske verdigrunnlaget i lova eit godt og heilskapleg rammeverk for å navigere og prioritere i det daglege arbeidet vårt. Vi anerkjenner og er samde i at samspelet mellom kunnskapsverdi, meningsverdi og bruksverdi – der verdi òg blir skapt gjennom sosiale relasjonar og prosessar – er ein viktig faktor som vil bidra til å realisere det overordna målet i lova (§ 1).

Som universitetsmuseum støttar vi at lova vidarefører det sterke fokuset på kulturmiljøa sin kunnskapsverdi. Anerkjenning av fysisk kulturarv som vitskapleg kjeldemateriale er avgjerande for å legitimere kjerneoppdraget til universitetsmusea: å sikre og gjere kulturarv tilgjengelege for fellesskapet ut frå vitskapleg perspektiv. For eit universitetsmuseum representerer det både ei utfordring og ein moglegheit å finne balansen mellom eit kunnskapsbasert vern, som er tufta på inngåande fagkunnskap og vitskaplege vurderingar, og det å samstundes leggje til rette for ein open

samfunnsdialog der mange ulike stemmer og historier får bidra til å definere kva som har kulturhistorisk verdi.

I så måte les vi framlegget frå lovutvalet til ny føremålsparagraf (§ 1) som ei viktig fagpolitisk rettleiing. Ved å **utvide føremålet frå primært å vere ei «kjelde til kunnskap» til óg å omfatte eit «grunnlag for tilhøyrslø, oppleving og bruk»**, formaliserer lova ei utvikling som lenge har prega formidlingsstrategien til museet. Lova anerkjenner at kulturmiljø har verdi både som vitskaplege kjelder og som berarar av identitet og tilhøyrslø for eit mangfaldig publikum. For oss som museum inneber dette ei prinsipiell avklaring av balansen museet skal ha: Det kunnskapsbaserte, formelle vernet er og blir den avgjerande føresetnaden for å sikre dei mest sårbare kulturmiljøa for framtida. Samstundes gjev lova oss ei tydeleg oppmoding om å **skape opne og inkluderande arenaer** der ei breidde av stemmer og erfaringar i samfunnet er med på å **forme forståinga** av fellesskapet sine kulturarvsressursar.

Endringa i ordlyden til lova frå eit «nasjonalt ansvar» til eit «felles ansvar» er også ei viktig avklaring. Slik vi les det, endrar ikkje ordlyden oppgåvene til museet i samband med forvaltning av dei arkeologiske primærkjeldene på vegne av fellesskapet, men ho endrar moglegvis forventningane til korleis vi utfører oppdraget. Vi les det framtidige samfunnsoppdraget til forvaltingsmusea gjennom nytt lovframlegg på følgjande måte: vi skal ikkje berre vere ein passiv mottakar av funn og lause kulturminne (kunnskapsforvaltar), men må ta ei tydeleg og aktiv rolle som kunnskapspartnar i samfunnet. Vi skal vere ein tilretteleggjar for dialog, oppleving og bruk av kulturarvsressursar, og gjennom ei utvida tyding av kva som gjev kulturhistorisk verdi, skal vi vere ein institusjon som set heile samfunnet betre i stand til å ta del i det felles ansvaret det er: å ta vare på kulturarven før han forsvinn.

1.2. Reforankring av forvaltingsmusea si rolle og funksjon

AM er svært nøgd med at lovframlegget rotfestar og styrkjer kjernefunksjonen til universitetsmusea i norsk kulturmiljøforvaltning. Framlegget anerkjenner at moderne arkeologi er ein integrert vitskapleg prosess, og at forvaltninga må organiserast deretter. Forvaltingsansvaret til universitetsmusea kviler på ei heilskapleg og vitskapleg basert kunnskapskjede som omfattar arkeologisk utgraving, konservering, samlingsforvaltning, forskning og allmennretta formidling. Dette er ikkje berre eit fagleg ideal, men ein føresetnad for ei meningsfull og berekraftig forvaltning av kulturarven. Denne heilskaplege tilnærminga har vore eit grunnleggjande premiss i nasjonal politikk. Tydelegast er dette formulert i St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale* som slår fast at rolla universitetsmusea har som kunnskapsprodusentar er avhengig av den tette og dynamiske koplinga mellom forskning, forvaltning og formidling.

Lovframlegget byggjer logisk vidare på dette perspektivet ved å samle forvaltingsansvaret hos dei einaste institusjonane som i dag har infrastrukturell og fagleg moglegheit til å utvikla eit heilskapleg arkeologisk forvaltningssystem. Som vi har understreka i tidlegare høyringsinnspel, er vi dei einaste aktørane som er bygde for dette samfunnsoppdraget, med ei dobbel forankring, både i dagens kulturminnelov og universitets- og høgskulelova. Ei vidareføring og styrking av forvaltingsmusea sitt mandat sikrar at forvaltingsoppgåvene også i framtida blir utførte med eit vitskapleg føremål og av høg fagleg kvalitet. Å styrkje universitetsmusea sitt forvaltingsmandat vil sikre at det arkeologiske

kjeldematerialet ikkje blir eit passivt arkiv, men vert forvalta og gjort tilgjengeleg som ein aktiv ressurs, til dømes gjennom utstillingar, databasar og forskingstilgangar.

1.3. Forenkling og heilskapleg forvalting hos universitetsmusea

AM støttar konklusjonen til utvalet om at ei samling av all forvaltingsinitiert utgravingsverksemd hos universitetsmusea er den prinsipielt beste løysinga for ei meir effektiv, kunnskapsbasert og føreseieleg forvalting. Dagens fragmenterte modell, der ansvaret er delt mellom universitetsmusea, sjøfartsmusea og NIKU, er eit resultat av historiske tilhøve snarare enn ei rasjonell, fagleg organisering. Oppdelinga har skapt eit komplisert og uoversiktleg system som er ressurskrevjande for alle partar. For tiltakshavarar kan møtet med forvaltinga innebære kontakt med fleire ulike utgravingsinstitusjonar og forvaltingsstyresmakter innanfor eitt og same prosjekt.

Ein samla forvaltingsmodell vil løyse desse utfordringane og er, slik utvalet påpeiker, det beste alternativet ut frå eit administrativt og økonomisk perspektiv. Viktigast for AM er likevel dei faglege fordelane. Den arkeologiske kulturarven og kulturmiljøa bryr seg lite om moderne administrative skilje. Dagens modell skaper kunstige faglege barrierar, til dømes i grenseoppgangen mellom sjø og land, og mellom ulike tidsperiodar som forhistorisk tid og mellomalder. Tilsvarande blir forståinga av samanhengen mellom by og omland i mellomalderen stykka opp når ulike institusjonar har ansvar for kvar sin del av landskapet.

Ved å samle ansvaret hos universitetsmusea kan ein sjå heilskapen i den førmoderne historia og dermed sikre at det arkeologiske kjeldematerialet blir henta inn, kuratert, analysert og formidla på ein konsekvent måte, til dømes innanfor eitt og same faglege program og innanfor ei og same institusjonelle ramme. Det er difor AM si oppfatning at framlegget til ny lov legg eit viktig og prinsipielt godt grunnlag for ei meir føremålstenleg, heilskapleg, og kunnskapsbasert arkeologisk forvalting.

1.4. Riksantikvaren si rolle som nasjonal koordinator (§ 57)

AM støttar intensjonen i § 57 om å reindyrke Riksantikvaren si rolle som ein overordna, nasjonal aktør for heile kulturmiljøforvaltinga med fokus på nasjonale prioriteringar og samordning. Ei slik tydeleg nasjonal rolle er avgjerande for å sikre ei einskapleg og føreseieleg forvaltingspraksis på tvers av regionar. Når Riksantikvaren har hovudansvaret for å utarbeide nasjonale retningslinjer og strategiske føringar, blir kunnskapsgrunnlaget forankra i oppdatert forskning, og prioriteringar blir sette i ein nasjonal samanheng.

Eit godt døme på kor viktig ei slik nasjonal samordning er, finn ein i Riksantikvaren si noverande rolle med å fastsetje kostnader for arkeologiske undersøkingar (jf. dagens § 10). Denne ordninga har skapt ein standardisert og lik praksis for kostnadsberekning i heile landet, noko som gjev føreseielege rammer for både tiltakshavarar og forvaltinga. AM er difor svært positive til at denne oppgåva blir vidareført, og ser det som eit prov på at ei styrking av Riksantikvaren si rolle som nasjonal koordinator er den mest effektive vegen for å nå måla i den nye lova.

Prinsippet om ein sterk nasjonal koordinator som sikrar heilskapleg og standardisert forvaltning, men med tett dialog på tvers av forvaltningsnivåa, går att i fleire av AM sine fagspesifikke merknader (sjå kapittel 3).

1.5. Faglege program for arkeologiske undersøkingar (§ 60)

AM er positive til kravet i § 60 om at alle arkeologiske utgravingar skal forankrast i eit **fagleg program** som musea sjølve skal utarbeide. Dette er eit avgjerande grep som flyttar forvaltninga frå å vere reaktiv – styrt av tilfeldige utbyggingsprosjekt – til å bli ei **proaktiv og strategisk kunnskapsinnhenting**. I praksis vil slike program styrkje kulturmiljøforvaltninga på fleire sentrale område:

- Dei vil gje ei **bevisst styring av kunnskapsutviklinga** ved å prioritere undersøkingar som kan sette definerte kunnskapshol, anten dei er geografiske, kronologiske eller tematiske.
- Dei vil gje eit **betre og meir heilskapleg kunnskapsgrunnlag** i saker om løyve til inngrep, noko som òg kan føre til færre unødvendige utgravingar.
- Dei vil skape **større føreseielegheit** for både tiltakshavarar og planstyresmakter, ettersom grunnlaget for forvaltninga sine prioriteringar blir meir transparent.
- Dei vil, i samspel med nasjonalt standardiserte samlingsplanar (sjå neste avsnitt), skape **ein meir berekraftig og heilskapleg kulturmiljøforvaltning**, ettersom heile forvaltingskjeda – frå utvikling av strategiske kunnskapsmål, via fysiske undersøkingar, til langsiktig samlingsforvaltning – blir vurdert innanfor ei overordna forvaltningsramme.

Samstundes ser vi at ulike forvaltningsmuseum allereie har utvikla program med ulik lengde, struktur og innhald. Sjølv om intensjonen bak dei faglege program var god då ho kom (i 2006), har mangelen på eit felles nasjonalt mandat og ei klar forankring i lova ført til at forvaltningsmuseum har utvikla program i svært ulik takt, i ulikt format og omfang. Nokre museum har utvikla program for alle periodar, det fleste har berre program for deler av forhistoria.

Dette skuldast, trur vi på AM, den ibuande spenning i sjølve konseptet. Eit fagleg program skal målbere ein dynamisk og framoverlent forskingsagenda på den eine sida, og utgjere eit effektiv og føreseieleg verktøy forvaltninga på den andre. I mangel på lovfesta nasjonale føringar for korleis desse omsyna skal balanserast, har musea vorte tvinga til å utvikle sine eigne tolkingar og resultata sprikar i alle retningar. Nokre forvaltningsmuseum har utvikla program som er reint forskingsdrivne mens andre har utvikla det som nærast kan kallast overordna, institusjonelle strategiar for heile verksemda. Sidan 2006 er i alle fall dette ståa:

- **Ressursbruk utan nasjonal samanheng:** Dei fleste museum har brukt store ressursar på å utvikle eit eller fleire program som, utan ein felles mal for innhald og oppfølging, blir inkonsistente og vanskelege å nytte i ein nasjonal samanheng.
- **Uføreseieleg forvaltning:** Prioriteringar kan variere betydeleg frå region til region, basert på musea sine eigne kriterium.
- **Svak kopling mellom kunnskap og vedtak:** Det er vanskeleg å sjå at dei faglege programma har vorte nytta av fylkeskommunane i deira saksbehandling. Det tyder på at

kunnskapsstatusen som blir produsert ved musea, ikkje når fram til dei som fattar avgjerande vedtak i førstelinjetjenesta.

For å realisere potensialet som ligg i dei faglege programma, og for å sikre ein felles nasjonal standard, er det difor heilt naudsynt at Riksantikvaren, slik lova opnar for, utarbeider **nasjonale retningslinjer**. Slike retningslinjer må sikre:

- At alle program byggjer på ein **felles mal og struktur**, som inkluderer analyse av kunnskapsstatus og definerte forskingsprioriteringar.
- Ein **einskapleg praksis** for korleis kunnskapen blir vurdert og formidla, slik at utforminga av programmet og oppfølginga av ho blir likeverdig og samanliknbar på tvers av regionane.

1.6. Berekraftig samlingsforvaltning krev lovfesta samlingsplanar

Lovfestinga av faglege program er eit løft for norsk arkeologi. Då sikrar vi at kunnskapsinnhentinga i felt er proaktiv og strategisk. **Programma svarar på kvifor og korleis vi skal grave**. Likevel stoppar mandatet deira ved museumsdøra. Dei svarar ikkje på det neste, avgjerande spørsmålet: **kva er den langsiktige planen for funna vi tek inn og skal taka vare på?**

Her kjem samlingsplanane inn, og som etter AM sitt syn er ein like naudsynt styringsmekanisme som dei faglege programma er. **Medan eit fagleg program er ein strategi for kunnskapsinnhenting, er ein samlingsplan ein strategi for kunnskapsbevaring**. Han skal gje overordna føringar for korleis forvaltningsmusea skal prioritere konservering og revisjon, og for korleis vi forvaltar samlingane, arkiv og dokumentasjon på ein berekraftig måte over tid. På same måte som mangelen på nasjonale føringar for faglege program har ført til fragmentering i forvaltningspraksis i utgravingsverksemda, står vi i dag ovanfor ei liknande utfordring i samlingsforvaltninga. Konsekvensen av dette er i korte trekk at:

- **Forvaltninga blir ikkje heilskapleg:** Det er eit brot mellom strategiane for feltarbeid og strategiane for langsiktig samlingsforvaltning og -bevaring.
- **Ressursbruken blir uføreseieleg:** Utan ein strategisk samlingsplan er det vanskeleg å berekne dei faktiske, langsiktige kostnadane ved ei utgraving.
- **Prioriteringane blir inkonsekvante:** Kva som blir prioritert for innan samlingsforvaltning, digitalisering og konservering kan variere stort mellom regionar og museum.

For at det store potensialet i dei faglege programma skal kunne realiserast fullt ut, må heile forvaltningskjeda sjåast i samanheng. Lovfestinga av faglege program er eit avgjerande første steg. Det neste logiske steget er å utvikle eit nasjonalt rammeverk for samlingsplanar, slik at den proaktive kunnskapsinnhentinga blir følgt opp av ei like proaktiv og berekraftig kunnskapsforvaltning.

Diverre seier ikkje noverande lovforslag noko om dette. **I avsnitt 3.4.2 legg derfor AM fram eit forslag til korleis samlingsplanar kan implementerast i ny lov og i praksis.**

1.7. Geografisk ansvarsfordeling (§ 60)

Når det gjeld den geografiske ansvarsfordelinga, er AM positive til at denne blir forskriftsfesta for å skape føreseielegheit. I arbeid med ny forskrift bør ein vurdere om dagens administrative grenser er

dei mest føremålstenlege for ei heilskapleg, kunnskapsbasert forvalting, eller om dei heller bør følgje arkeologfaglege og naturlege geografiske regionar.

1.8. Natur- og kulturmiljø – sett i samanheng

AM er samd i lovutvalet sitt grunnsyn, som anerkjenner at naturmiljøet og det menneskeskapte kulturmiljøet ikkje er separate storleikar, men saman dannar det landskapet vi omgjev oss med. Utvalet peiker korrekt på at dei fleste landskap ligg på ein glidande skala mellom reint naturleg og reint kulturpåverka, der samanhengen kjem til fysisk og visuelt til uttrykk i varierende grad i kulturlandskapet / kulturmiljøet. Eit moderne lovverk må spegle denne heilskapen for å sikre ei smidig og effektiv forvaltning. AM støttar difor utvalet si linje om at det må vere ein viss symmetri i lovverket: Sidan naturmangfaldlova kan vareta kulturmiljø, bør kulturmiljølova òg kunne vareta naturverdiar.

Eit særleg godt døme på denne samanhengen finn ein i våtmarker. Desse fungerer som unike naturlege «arkiv» som ofte inneheld viktig informasjon om både menneskeleg aktivitet i fortida (direkte) og om klima- og miljøhistorie (indirekte). Samstundes er våtmarker i seg sjølv ein truga landskapstype i Noreg, ofte utsett for drenering og nedbygging. Dei representerer difor både høge kulturhistoriske verdiar og viktige naturverdiar.

Den nye kulturmiljølova gjev forvaltninga eit mykje betre verktøy for å handtere slike samansette område. Med den nye heimelen i § 22 kan ein no frede eit heilskapleg våtmarksområde med utgangspunkt i dei kulturhistoriske spora det inneheld, og samstundes inkludere vern av heile våtmarka sitt naturmangfald som ein del av fredinga – sjølv dei delane som ikkje er direkte kulturpåverka. Vern av naturverdiar blir då eit viktig delmål i ei heilskapleg forvalting av landskapet, noko som kjem til synet gjennom fleire sentrale føresegner:

- **Eit heilskapleg rammeverk (§ 1):** Formålsparagrafen etablerer eit viktig, overordna prinsipp ved å fastslå at kulturmiljø skal takast vare på i ei «heilskapleg miljø- og ressursforvaltning».
- **Natur som del av verdigrunnlaget (§ 2):** Lova opnar for at det kan leggjast vekt på «viktig naturmangfald» i vurderinga av den kulturhistoriske verdien til eit kulturmiljø. Dette gjer at naturverdiar blir ein integrert del av den samla verdivurderinga.
- **Ny heimel for direkte vern av natur (§ 22):** Den mest sentrale og positive endringa er føresegna som opnar for at «Naturmangfald som ikkje er påverka av menneskeleg verksemd, kan inngå i fredinga». Dette er eit nytt og svært viktig verktøy som skapar den naudsynte symmetrien mot naturmangfaldlova. Det vil effektivisere forvaltninga ved å unngå doble sakshandsamingsprosessar, og det sikrar at samansette miljø kan vernast heilskapleg. AM merkar seg den viktige presiseringa frå utvalet om at vern av natur ikkje kan vere hovudføremålet, men må vere eit delmål eller ein tilleggsverdi.

Samla sett vurderer AM desse endringane som ei betydeleg styrking av lovverket. Dei gjev forvaltninga eit meir presist og heilskapleg verktøy for å handtere dei komplekse områda der kultur- og naturverdiar er tett samanvovne, og det gjev det naturvitskaplege miljøet på museet vårt eit forsterka mandat til å arbeide vidare med nett denne tematikken.

1.9. Kulturmiljølov frå et konserveringsperspektiv

Fleire funn krev nye prioriteringar hos musea. Den nye lova utvidar kva som blir automatisk freda, og ho gir universitetsmusea forvaltningsansvaret for nye område, som til dømes kulturlag i mellomalderbyar og funn under vatn. For oss på AM betyr dette at vi moglegvis vil få eit arkeologisk kjeldetilfang med større bredde og variasjon i material- og gjenstandstypar. Slike endringar kan gje museet to hovudutfordringar for den aktive konserveringa:

- **Behov for ny kompetanse:** Eit breiare spekter av funn- og materialtypar krev auka og kanskje annleis konserveringskompetanse enn den vi har i dag.
- **Hardare prioriteringar:** Når fleire ulike typar gjenstandar treng aktiv konservering, blir det endå viktigare å velje kva vi skal bruke tid og ressursar på.

Utfordringa blir særleg stor fordi vi i dag manglar nasjonale samlingsplanar som kan rettleie slike val. Ansvar for dei krevjande prioriteringane fell difor tungt på kvart enkelt museum. For AM er hovudpoenget at den nye lova må styrkje det samla, praktiske og tekniske konserveringsbaserte vernearbeidet. Dette krev føreseielege rammer og ein god balanse mellom pålagt ansvar, tildelte ressursar og tydelege faglege prioriteringar. I arbeidet med implemetering av ny lov blir det derfor viktig å sikre at konserveringsansvar blir følgt opp med ressursar og gode system for prioritering. AM meiner dette kan løysast gjennom lovpålagte nasjonale samlingsplanar (jf. 3.4.2).

Lokalt kulturminnevern treng eit kompetanseløft. Vår erfaring frå praktisk bevaringsarbeid, mellom anna med steinkonservering og bygningsvern, syner ein klår og direkte samanheng: kvaliteten på det lokale kulturminnevernet er heilt avhengig av den faglege kompetansen hos eigarar og lokale forvaltningsorgan som kommunar og kyrkjelege fellesråd. Når lova no utvidar den automatiske fredingsgrensa for kyrkjer, vil ansvaret og saksmengda for desse lokale organa auke betrakteleg.

Dette er i utgangspunktet positivt, men det inneber òg ein risiko for at kapasiteten blir overstige, noko som i verste fall kan føre til eit utilsikta tap av kvalitet i det praktiske vernearbeidet. For å sikre at dei gode intensjonane i lova lukkast, er det difor ikkje nok å berre endre lova; det må følgjast opp med ein strategi for å ruste den lokale forvaltinga på bakken.

Ei lov med ulike konsekvensar. Vi trur lova vil kunne slå ulikt ut for ulike delar av det fagtekniske kulturminnevernet. Til dømes er forvaltinga av kyrkjekunst allereie prega av eit system med tydelege krav og ansvarsdeling som ser ut til å fungere godt, og som truleg vil tilpasse seg den nye lova utan store problem.

2. SPESIFIKKE FAGLEGE VURDERINGAR AV LOVPARAGRAFER

2.1. Vurdering av automatisk fredingsgrense

2.1.1. § 15 Automatisk freda kulturmiljø

Oppsummering av 2.1: automatisk fredingsgrense. Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- fastsetjing av ei automatisk fredingsgrense er ei normativ handling med djuptgripande samfunnsmessige konsekvensar, både kunnskapsforvaltinga og ålmenta si forståing, oppleving og bruk av sin eiga for- og kulturhistorie.
- ei 1850-grense er naudsynt både for å sette kunnskapshol frå ein viktig og relevant historisk periode for heile fellesskapet.
- ei 1850-grense er naudsynt for å sikre eit reelt og likeverdig vern av kulturarven til nasjonale minoritetar.
- ei 1850- grense vil styrkje fellesskapet sin moglegheit for deltaking og engasjement, noko som er avgjerande for å realisere lova sin ambisjon om tilhøyrse og felles verneansvar.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM støttar mindretalet (*Anfinset og Falch*) sitt framlegg om å sette fredingsgrensa for «jordfaste kulturminne frå tida fram til og med 1850».

Fastsetjing av ny automatisk fredingsgrense for jordfaste kulturminne vil ha djuptgripande og vidtrekkande implikasjonar for framtidas arkeologiske praksis i Noreg. Ei endring i grense vil verke direkte inn på type, kvalitet og omfang av arkeologisk forskning, forvalting og formidling. Men kanskje endå viktigare, og meir indirekte, vil ho vere avgjerande i å utvikla vanlege folk si forståing av eiga forhistorie og deira reelle moglegheit til å ta ansvar for ho.

AM meiner at ei automatisk fredingsgrense ikkje bør reduserast til ein teknisk-administrativ prioriteringsmekanisme. Grensa må byggje på ei fagleg oppdatert og kulturelt berekraftig forståing av den rolla historieforteljingar spelar i eit moderne samfunn, med ei klår forståing for deira moglege fallgruver og blindsoner. Fastsetjing av ei grense vil vere storsamfunnet sin måte å fastsetje, ikkje berre juridisk, men òg normativt, kva kulturarv som er verdifull nok til at den fortener ei føre-var-tilnærming. Den innebygde, normative maktstrukturen som ei fredingsgrense representerer, vil ikkje berre påverke kva som fysisk blir teke vare på for ettertida, men òg korleis vi som bur i Noreg vil kome til å forstå oss sjølve som samfunn og kva verdisyn dette samfunnet er bygd på.

På bakgrunn av dette støttar AM forslaget til mindretalet (*Anfinset og Falch*) som føreslår ei automatisk fredingsgrense på 1850 for jordfaste kulturminne (og endringane i dei andre paragrafane som blir avleidde av dette grunnstandpunktet).

Vi baserer vårt syn på følgjande måte:

- **Kunnskapsgrunnlag:** Ei grense på 1650 vil halde ved lag kunnskapshol for perioden 1600–1850. For å forstå dagens samfunn og nytta forhistoria til å utvikla oss vidare, slik lova krev, er denne perioden arkeologisk relevant. Ei 1850-grense er difor nødvendig for å sikre ei planmessig og fagleg forankra innsamling av arkeologisk kunnskap for ettertida.

- **Ressursar og kapasitet:** Uavhengig av årstallsgrense, krevst det tilstrekkelege ressursar til fagleg ekspertise og naudsynt infrastruktur. Museet reknar ei 1850-grense som administrativt realistisk og berekraftig, men dette føreset at forvaltninga må gjere andre og hardare prioritering gjennom heile forvaltingsløpet, enn det vi gjer i dag.
- **Minoritetsvern:** Ei 1650-grense med skjønnsbaserte tiltak er utilstrekkeleg for minoritetar, då spora deira med basis i dagens kunnskapsgrunnlag er vanskelege å skilje arkeologisk frå den nasjonale majoriteten i denne perioden. Dette skaper eit system der kulturminna til majoriteten blir automatisk freda, medan kulturminna til minoritetane blir overlatne til skjønn. **AM meiner at ei 1650-grense ikkje følgjer opp formålet med lova: å sikre eit mangfold og ei reell vektlegging av kulturmiljøet til urfolk og nasjonale minoritetar (§ 14).** Ei 1850-grense er difor det einaste alternativet som sikrar plikta fellesskapet har til å verne kulturarven til *alle* sine folkegrupper.
- **Offentleg involvering og engasjement:** Kulturmiljø som blir juridisk anerkjent, undersøkt og tolka, formar det offentlege medvitet. Ei automatisk fredingsgrense på 1850 vil ha potensialet i seg til å vere eit korrigerande og demokratiserande bindeledd mellom notid og den nære fortida. AM trur dette bindeleddet vil kunne vere ein heilt avgjerande pedagogisk nøkkel for å kunne realisere den høgaste ambisjonen i lova: at kulturmiljø skal vere ein ressurs som fellesskapet bryr seg om og tek vare på gjennom «tilhøyrslø, oppleving og bruk». Særs mange i vår region (Rogaland), spesielt i jordbruksområde, har ein stolt og rik stadbunden familiehistorikk, men som ofte ikkje strekkjer seg mykje lenger tilbake enn til 1850. I desse områda vil vern og kunnskapsproduksjon kring nyare arkeologiske kulturmiljø kunne byggje bru mellom menneska som lever der i dag, og dei som levde der for 500-1000 år sidan.

Endringar i andre paragrafar:

2.1.2. § 21 Jordfaste kulturminne frå perioden etter 1650 til og med 1850

AM støttar mindretalet (Anfinset og Falch) sitt framlegg: § 21 går ut.

2.1.3. § 33 Råderett over lause kulturminne

AM støttar mindretalet (Anfinset og Falch) sitt framlegg til endring av første avsnitt:

Lause kulturminne frå tida fram til og med 1850, og samiske lause kulturminne frå tida fram til og med 1917, høyrer til fellesskapet i Noreg dersom dei har kome for dagen ved arkeologiske undersøkingar eller tilfeldige funn, og dersom dei ikkje er privat eigde.

2.1.4. § 37 Plikt til å melde frå om og levere inn lause kulturminne

AM støttar mindretalet (Anfinset og Falch) sitt framlegg til endring av føresegna:

Den som finn eit laust kulturminne som kan vere frå tida fram til og med 1850, og eit samisk laust kulturminne som kan vere frå tida fram til og med 1917, skal snarast mogleg melde frå og levere det frå seg til fylkeskommunen eller Sametinget.

Merk: Anfinset og Falch sitt framlegg manglar eit «til» i siste setning, siste ledd (understreka over).

2.1.5. § 47 Rett til å undersøkje, sikre, vedlikehalde med meir

AM støttar mindretalet (Anfinset og Falch) sitt framlegg: *tredje avsnitt går ut.*

2.2. Definisjonar

2.2.1. § 4 a) Kulturmiljø

Oppsummering av 2.2.1: ny definisjon av «kulturmiljø». Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- framlegget om éin felles, vid definisjon av omgrepet «kulturmiljø» er prinsipielt problematisk og vil, om det blir ståande, undergrave klårleiken og føreseielegheita i lova.
- den nye definisjon er logisk, semantisk og pedagogisk utfordrande, då han mellom anna fører til at enkeltgjenstandar formelt kan reknast som eit «kulturmiljø», noko som er i strid med den etablerte forståinga av ordet.
- lovutvalet sitt val om éin definisjon bryt med dei politiske føringane i Meld. St. 16 (2019–2020), som tydeleg la opp til ein funksjonell dobbeltbruk av omgrepet – både i ei vid og i ei snever tyding.
- ei rekkje paragrafar er i praksis avhengige av ei underforstått, snever og romleg forståing av «kulturmiljø», noko som skaper ein uavklart juridisk situasjon der forvaltninga må tolke seg fram til meininga i kvart enkelt tilfelle.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM foreslår ein ny og todelt definisjon av «kulturmiljø» som og dekkjer forvaltninga sitt behov for å nytte avklarte, formelle tydingar av omgrepet i både vid og snever forstand.

Forslaget er presentert i kapittel 4.1

§ 4 Definisjonar

I denne lova tyder

a) kulturmiljø: *eitt eller fleire kulturminne og heile det fysiske miljøet der kulturhistoria kjem til uttrykk.*

(...)

I lovmerknaden på s.445 slår lovutvalet fast at:

«[ny definisjon] er ikkje nytta om område der kulturminne inngår, som i den gjeldande lova, men som eit overordna samleomgrep som dekkjer både kulturminne og heilskapar og samanhengar mellom kulturminne og landskap. Dette er i tråd med omgrepsbruken i Meld. St. 16 (2019–2020). Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold (...).

AM meiner at denne tilnærminga skaper ei rekkje logiske, semantiske og praktiske utfordringar som, dersom ho blir ståande, vil kunne undergrave klårleiken, føreseielegheita og effektiviteten i lova i den praktiske forvaltninga. Under har vi gitt døme på desse svakheitene:

Ulogisk

Ein analyse av den logiske oppbygginga som blir etablert i lovframlegget sin § 4, avdekkjer ein logisk brist mellom dei tre definisjonane «kulturmiljø», «kulturminne» og «lause kulturminne».

Lovframlegget definerer omgrepa slik:

- § 4 a) Kulturmiljø: «eit eller fleire kulturminne og heile det fysiske miljøet der kulturhistoria kjem til uttrykk».
- § 4 b) Kulturminne: «alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet...».
- § 4 d) Lause kulturminne: «kulturminne som er gjenstandar, til dømes smykke, myntar, reiskapar...».

Følgjer ein denne definisjonsrekkja stringent, leier ho til ein kontraintuitiv og problematisk konklusjon. Eit enkelt laust kulturminne, til dømes ein mynt funnen på eit jorde og levert til eit museum, blir i samsvar med den formelle logikken i lova eit «kulturmiljø». Resonnementet er som følger: Ein mynt er eit «laust kulturminne» (jf. § 4 d), som igjen er ein type «kulturminne» (jf. § 4 b). Sidan eit «kulturmiljø» kan bestå av berre «eit... kulturminne» (jf. § 4 a), er ein enkelt mynt per definisjon eit kulturmiljø.

Ved å nytte eit omgrep som er meint for å skildre heilskapar og samanhengar på sitt minste, mest isolerte element, oppstår ein konseptuell inflasjon der omgrepet «kulturmiljø» blir juridisk likestilt med ein enkelt gjenstand utan kontekst. Dette svekkjer den analytiske og praktiske verdien til omgrepet, spesielt i fortløpande forvaltingsarbeid.

Semantisk utfordrande

Utover den formelle logiske bresten bidreg den nye definisjonen til det vi oppfattar som ei semantisk spenning. Ordet «miljø» har i norsk språk ein sterk og ibuande romleg og kontekstuell konnotasjon. Eit miljø er i allmenn forståing av ordet tenkt på som til dømes omgivnader, ein avgrensa kontekst og ein fysisk samanheng. Den gjeldande kulturminnelova sin definisjon av kulturmiljø, som nyttar ordet «område», er i tråd med denne intuitive språkforståinga. I så måte bryt lovframlegget både med den etablerte juridiske og den etablerte intuitive forståinga av ordet «kulturmiljø».

Pedagogisk utfordrande

Å omtale ein enkelt gjenstand i ei museumsskuff som eit «kulturmiljø» er upedagogisk og forvirrande for både fagfolk og ålmenta. Det fysiske miljøet til gjenstanden er skuffa, ikkje lenger det historiske landskapet han vart funnen i. Å nytte nemninga «kulturmiljø» på sjølve gjenstanden krev ein abstraksjon som fjernar seg frå den umiddelbare fysiske røyndomen. Lova risikerer på denne måten å bli mindre tilgjengeleg og vanskelegare å forstå, noko som strir mot målet om eit klårt og brukarvennleg lovverk.

Ikkje i tråd med politiske føringar i Meld. St. 16 (2019–2020)

AM si innvending mot framlegget frå lovutvalet er ikkje berre utleidd av formallogikk og semantikk, men òg det faktum at definisjonen slik han ligg føre representerer eit **klårt avvik frå dei politiske føringane** som vart lagde til grunn i Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturpolitikken*. Stortingsmeldinga viser utvitydig at Stortinget la opp til ein funksjonell dobbeltbruk av omgrepet «kulturmiljø»:

1. Det heiter på side 9: «Med denne meldingen innfører regjeringen begrepet «kulturmiljø» **som samlebetegnelse**. Samlebetegnelsen dekker begrepene «kulturminner, kulturmiljøer og landskap» og brukes når feltet omtales som helhet.» Dette er den breie forståinga av ordet som lovutvalet har valt å lovfeste

2. Det heiter vidare på side 9: «**Kulturmiljø**» [samleomgrep] erstatter ikke bruken av begrepene «kulturminne», «kulturmiljø» [snevert omgrep] eller «landskap» hver for seg, når det refereres til enkeltobjekter, områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng, eller landskap.»

Den doble forståinga og bruken av ordet «kulturmiljø» blir stadfesta ytterlegare i **faktaboks 2.1** på side 11 i Meld. St. 16 (2019–2020), som presenterer «*Sentrale begreper i kulturmiljøforvaltningen*». Her blir «Kulturmiljø» definert på to separate måtar:

1. Områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller
2. Med denne meldingen innfører regjeringen begrepet «kulturmiljø» som samlebetegnelse. Samlebegrepet dekker begrepene «kulturminner, kulturmiljøer og landskap» og brukes når feltet omtales som helhet.

Kvifor følgjer ikkje utvalet opp dei politiske føringane?

Lovutvalet sitt val om å sjå bort frå den todelte definisjonen av «kulturmiljø» som *Meld. St. 16 (2019–2020)* er gjort med overlegg og valet er gjort reide for i *kapittel 14.2.2 Kulturmiljø*. Argumentasjonen til utvalet kan oppsummerast slik:

- **Prinsippet om éin definisjon:** Utvalet meiner at ei lov berre bør ha éin definisjon av same omgrep. Å operere med to ulike meningsinnhald for ordet «kulturmiljø» vil, ifølgje dei, skape ei uklar og lite oversiktleg lov.
- **Unngå uryddig lovspråk:** Dei ser på det som uheldig at eit omgrep blir definert ved hjelp av eit likelydande omgrep med eit anna meningsinnhald, slik dei meiner tilhøvet er mellom kulturmiljø i vid og snever forstand i dag.
- **Samsvar med tittelen på lova:** Sidan lova heiter «kulturmiljølov», argumenterer utvalet for at det er ein tungtvegande grunn til at omgrepet som blir nytta gjennomgåande i lova, må samsvare med den breie forståinga i tittelen.
- **Forenkling av lovteksta:** Ved å nytte den vide definisjonen kan ein i mange tilfelle nøye seg med å skrive «kulturmiljø» i staden for å liste opp «kulturminne» og «kulturmiljø», slik ein må i lova i dag. Dette gjer ifølgje utvalet lovteksta enklare.
- **Den snevre definisjonen er ikkje lenger naudsynt:** Dette er hovudargumentet til utvalet. Dei hevdar at sidan «kulturmiljø» ikkje lenger skal vere ein eigen fredingskategori, og at lovframlegget ikkje knyter andre rettsverknader åleine til den snevre, områdebaserte forståinga, er det ikkje lenger naudsynt å ha ein eigen definisjon for dette. Den vide definisjonen vil uansett dekkje innhaldet i den snevre, er tankegangen til utvalet.

AM ønskjer å svare på argumentasjonen frå utvalet slik:

- **Punkt 1 og 2: éin definisjon for klarleik og for å unngå uryddig lovspråk:** Prinsippet om éin definisjon er i utgangspunktet godt, men i dette tilfellet fører det til det motsette av klarleik. Vi meiner at ved å tvinge eitt enkelt, altomfattande omgrep på alle situasjonar, blir det skapt logiske bristar og semantisk forvirring. Dersom ein opererer med ein todelte definisjon som reflekterer dei faktiske omgrepsbehova som forvaltinga har, t.d. «kulturmiljø (i vid forstand)» og «kulturmiljø (i avgrensa forstand)», vil dette skape reell klarleik for brukarane av lova.

- **Punkt 3 og 4: samsvar med tittel og forenkling av lovtekst:** Desse argumenta anerkjenner også AM, men å la dette vere førande prinsipp og styrande for kritiske faglege definisjonar synest å vektleggje ei juridisk enkelheit framfor fagleg og funksjonell presisjon. Det er rett at den vide definisjonen forenklar språket i overordna paragrafar som føremålsparagrafen (§ 1). Problemet er at denne forenklinga går på kostnad av meningsinnhaldet i ei rekkje andre og meir operative paragrafar (nærare bestemt i 17 paragrafar), der brukaren av lova blir tvinga til å gjette kva for tyding som er meint.
- **Punkt 5: Den snevre definisjonen er unødvendig:** Dette er den mest oppsiktsvekkjande påstanden frå utvalet, og den som er i klårast strid med AM si eiga oppfatning. Lovutvalet skriv på s. 147:

«Lovframlegget knyter heller ikkje andre rettsverknader åleine til område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng, det vil seie kulturmiljø i snever forstand. Det er difor ikkje naudsynt å nytte det snevre omgrepet i lova om ein tek i bruk det vide kulturmiljøomgrepet, som òg vil dekkje innhaldet i det snevre.»

AM er ueinige i denne påstanden. Vår gjennomgang av lovframlegget (paragraf for paragraf) synest snarare å vise at ei rekkje paragrafar nærmast blir meningslause utan ei underforstått, snever og romleg definisjon av kulturmiljø (sjå neste avsnitt).

Kor stort er problemet og korleis kan lova betrast?

AM meiner at den semantiske spenninga som er innebygd i den føreslåtte definisjonen av «kulturmiljø», forplantar seg gjennom heile lovteksta og skaper praktiske tolkingsproblem og rettsleg uvisse i ei rekkje sentrale paragrafar. I praksis vil dette tvinge forvaltinga til å operere med ein udefinert «skugge-definisjon» av kulturmiljø, som eit romleg avgrensa område, fordi den formelle, altomfattande definisjonen ikkje dekkjer denne naudsynte og legitime bruken av ordet.

For å demonstrere at definisjonsproblemet ikkje er avgrensa til nokre få enkeltståande døme, men faktisk utgjer eit systemisk problem som er gjennomgåande for heile lovframlegget, har vi gått gjennom alle relevante paragrafar (der «kulturmiljø» blir nytta) og deretter vurdert om den mest naturlege og praktiske tolkinga av ordet (i kvart tilfelle) heller mot den vide definisjonen av omgrepet eller den meir snevre, områdebasert forståing. Av dei 84 paragrafane i lova er det 27 som nyttar omgrepet «kulturmiljø» eller avleiingar av ordet (t.d. kulturmiljøstyresmakta). Av desse 27 er det 17 paragrafar (fordelt på 22 individuelle føresegner) som vi meiner er delvis eller heilt avhengige av ei snever, romleg forståing for at dei skal gje meining i forvaltinga.

AM konkluderer derfor med at lova i fleire høve veksler mellom ei vid og ei snever forståing av «kulturmiljø», men utan å gje den snevre forståinga ein formell definisjon. Dette skaper ein uavklart juridisk situasjon der forvaltinga må tolke seg fram til den eigentlege meininga med lova frå paragraf til paragraf, basert på kontekst.

2.2.2. § 4 c) jordfaste kulturminne

Oppsummering av 2.2.2: ny definisjon av «jordfaste kulturminne». Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- det foreslåtte omgrepet «jordfaste kulturminne» er ueigna, då det er både empirisk villeiande for mange kulturminnetypar og konseptuelt problematisk.
- ved å fokusere på ein forenkla fysisk eigenskap i staden for den essensielle tilknyttinga til ein stad, skaper omgrepet juridisk uvisse og bryt med den heilskaplege intensjonen i lova.
- omgrepet difor bør erstattast med «stadbundne kulturminne», som er ein meir presis og dekkjande term for ikkje-lause kulturminne, både på land og i vatn.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM foreslår er å innføra termen «stadbundne kulturminne» og å definere denne termen på ein konseptuelt og fagleg sterkare måte som vektlegg den kontekstuelle tilknyttinga til ein fysisk stad framfor den fysiske forankringa til ei flate/jordsmonn. *Forslaget er presentert i kapittel 4.1.*

§ 4 Definisjonar

I denne lova tyder

(...)

c) jordfaste kulturminne: kulturminne som ligg i eller på grunnen eller i vatn, og som ikkje kan flyttast, til dømes bergkunst, gravminne, ruinar, spor etter byggverk, skogbruk, jordbruk og fangst, og stader som det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til
(...)

Utvalet argumenterer for å erstatte termen «arkeologiske kulturminne» med omgrepet «jordfaste kulturminne», og legg følgjande til grunn:

- **Pedagogisk verdi:** Omgrepet «jordfast» er ikkje knytt opp til eit fagområde og vert av utvalet rekna for å vere meir intuitivt og forståeleg for ålmenta enn alternative termar.
- **Praktisk behov:** Forvaltinga treng ein tydeleg, skildrande term for kulturminne som verken er byggverk eller skipsfunn, særleg i rettleiings- og informasjonsmateriell.
- **Avgrensing:** Termen skal skilje denne kategorien frå ståande bygg og skipsfunn.
- **Inga substansiell endring:** Utvalet presiserer at endringa ikkje er meint å ha reell innverknad på forvaltinga eller vilkår for freding.

Trass i desse intensjonane set AM seg imot framlegget. vi tykkjer «jordfaste kulturminne» ikkje er ein spesielt god eller pedagogisk term, og innføringa av dette omgrepet kan bli eit problem meir enn ei løysing for forvaltninga. vi tek utgangspunkt i følgjande argument:

- **Pedagogisk verdi:** vi meiner omgrepet er empirisk villeiande og lite intuitivt når det blir konfrontert med dei faktiske fysiske kulturminna vi har. Ruinar og spor etter byggverk kan vere fullt synlege på overflata og dermed vere like lite «jordfaste» som eit ståande bygg. Kriteriet «som ikkje kan flyttast» er også ei relativ skjønnsvurdering, og som vi oppfattar problematisk fordi vi lev i ei tid kor moderne teknologi gjer det mogleg å flytte sjølv dei mest massive strukturar. *Om og i kva grad* «jordfaste kulturminne» har flytta seg i etterkant av den opphavlege plasseringa ved det originale deponeringstidspunktet er heller ikkje alltid

godt å avgjere. Mange kulturminne som tilsynelatande «*ikkje kan flyttast på*» kan ha blitt utsett for ei rekkje menneskelege eller naturlege prosessar som kan ha bidrege til at heile eller deler av kulturminnet har endra posisjon. Vil desse ikkje utgjere «jordfaste kulturminne» fordi dei ikkje er stabile over tid?

- **Praktisk behov:** Dersom «arkeologiske kulturminne» ikkje skal vidareførast er ikkje «jordfast kulturminne» eit meir praktisk val. Svakheita ved omgrepet blir litt avslørt av lovteksta sjølv i § 22 j), der ein blir tvinga til å leggje til «*eller marine område*». Dette tillegget synest å vere ei direkte vedgåing av at «jordfast» er eit ubrukeleg omgrep for den delen av kulturarven vår som er under vatn. Eit skipsvrak frå 1700-talet eller andre kulturhistoriske spor på sjøbotnen kan umogleg skildrast som «jordfaste». Dei er bundne til sjøbotnen, ikkje til jord. I staden for å ha eitt overordna og dekkjande omgrep for alle typar stadbundne kulturminne, får ein altså éin kategori for landjorda og ein annan for havbotnen. Dette kompliserer lovteksta og bryt med prinsippet om å skape ei enklare og meir oversiktleg lov.
- **Ei substansiell endring:** Påstanden om at endringa ikkje har nokon substansiell tyding, er etter vårt syn feil. Ved å innføre eit nytt, fysisk skildrande og juridisk uprøvd omgrep, opnar ein for eit nytt juridisk farvatn. Ein kan risikere at definisjonen av og vernestatusen til eit kulturminne kan bli utfordra med tekniske argument om flyttbarheit, framfor ei kulturhistorisk verdivurdering av det. Dette skaper ei uvisse som er ei vesentleg substansiell endring etter vår meining og utgjer ei potensiell svekking av rettsvernet.
- **Konseptuelt problematisk:** AM meiner at terminologien «jordfast kulturminne» er konseptuelt problematisk fordi omgrepet reduserer definisjonen av eit kulturminne til ein forenkla fysisk eigenskap – bindingsformatet til jordoverflata – og ser bort frå den fundamentale kontekstuelle tilknytninga til ein stad. Forståinga av eit fast kulturminne, spesielt frå eit arkeologisk perspektiv, ligg ikkje primært i den fysiske forankringa til bakken, men i den historiske, kontekstuelle og symbolske tilknytninga til ein **stad**. Denne staden omfattar relasjonen til det kringliggjande landskapet, til andre kulturminne i nærleiken, til usynlege spor i bakken, og til dei historiske hendingane og prosessane som har gått føre seg der. Denne erkjenninga er riktig nok til stades i definisjonens siste ledd i siste setning, men å plassere denne tydinga sist, og underordna hovuddefinisjonen i førsteledd, gjer ho snevrare og mindre relevant. Dette meiner AM står i direkte motstrid til det overordna målet i lovframlegget om å flytte fokus frå det enkelte til det heilskaplege.

Mange i fagmiljøet på AM tilrår difor at omgrepet «jordfaste kulturminne» blir erstatta med omgrepet «**stadbundne kulturminne**» (nokre meiner dagens ordlyd er best). I motsetnad til «**jordfast**» så evner «**stadbunden**» å fange opp den kulturhistoriske verdien som ligg i den fysiske tilknytninga kulturminnet har til **staden** sin, uavhengig av kor mobilt og flyttbart det er. Der «**jordfast**» er eit utprega objekt-sentrert omgrep som skildrar ein eigenskap ved sjølve strukturen, isolert frå omgivnadene, er «**stadbunden**» eit relasjonelt omgrep. Det skildrar ikkje objektet si bindingsform til ei statisk flate, men det essensielle sambandet objektet har til den fysiske staden sin.

Innføring av «**stadbundne kulturminne**» løyser problema som «**jordfaste kulturminne**» lagar. Eit skipsvrak er utvilsamt eit stadbunde kulturminne i både fagleg, fysisk og juridisk forstand, på same måte som eit bergkunstfelt, ein øydelagt ruin eller ein utvaska steinalderbuplass. Alle desse kulturminna er definitivt **stadbunde** men ikkje nødvendigvis heilt **immobile eller jordfaste**. Ordlyden i § 22 j) kan bli forenkla, til dømes slik: "kulturminneområde, medrekna område med stadbundne

kulturminne". «**stadbundne kulturminne**» er eit omgrep som på ein logisk og konsistent måte omfatte både gravhaugar på land, bergkunst på ei bergflate og skipsvrak i havet. Dette harmonerer også godt med den overordna intensjonen i lova om å verne heilskaplege kulturmiljø.

Avgrensing opp mot ståande bygningar og anlegg

AM kan ikkje forstå at «**stadbundne kulturminne**» skal vere verken meir eller mindre eigna enn «**jordfaste kulturminne**» som definerande avgrensing opp mot for eksempel ståande bygningar og anlegg. Avgrensingsproblematikken opp mot ståande bygningar og anlegg synest uansett noko oppkonstruert i utvalets utreiing. Det er mogleg at ei avgrensing vert viktigare dersom ei automatisk fredingsgrense blir satt til 1850. Skulle det vere tvil om kva ein meiner, kan ein jo spesifisere ei slik avgrensing spesifikt i sjølve lovteksta.

2.2.3. § 4 d) Lause kulturminne

Oppsummering av 2.2.3: ny definisjon av «lause kulturminne». Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- den føreslåtte definisjonen av «lause kulturminne» er for snever og pedagogisk villeiande, og risikerer å innsnevre den juridiske forståinga av kva omgrepet omfattar.
- innsnevringa kjem av at definisjonen reduserer omgrepet til berre å gjelde «gjenstandar» og gjev ei einseitig liste over døme som utelèt sentralt kjelde-materiale som produksjonsavfall, økofaktar og geofaktar.
- definisjonen er konseptuelt svak fordi han manglar det mest sentrale kjenneteiknet: at eit laust kulturminne er lausrive frå ein opphavleg stad og kontekst.
- paragrafen bør endrast for å reflektere den reelle breidda av kva eit laust kulturminne er, og for å innlemme den essensielle koplinga til den opphavlege konteksten.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM foreslår å gje «lause kulturminne» ein ny definisjon som nyttar fleire dekkjande termar for sjølve objektet, innlemmar den essensielle koplinga til kontekst, og utvidar liste over døma for å unngå pedagogiske misforståingar.

Forslaget er presentert i kapittel 4.1

§ 4 Definisjonar

I denne lova tyder

(...)

d) lause kulturminne: kulturminne som er gjenstandar, til dømes smykke, myntar, reiskapar, våpen eller ting med innskrifter eller bilete

(...)

AM er kritiske til utforminga av den føreslåtte definisjonen i § 4 d. Denne definisjonen er etter vårt syn både konseptuelt og pedagogisk problematisk. Han risikerer å snevre inn den allmenne og juridiske forståinga av kva eit laust kulturminne er, trass i den uttalte intensjonen til utvalet om det motsette. Kritikken vår er tredelt:

1. For det første er reduksjonen frå den mangfaldige omgrepsbruken i lova i dag (*ting, reiskap, materiale, restar, inventar* etc.) til det eine, overordna omgrepet «**gjenstandar**» opplevd som ei klår innsnevring.

2. For det andre blir denne innsnevringa forsterka av ei einseitig liste over døme som berre består av tilverka gjenstandar. Dette etterlet eit feilaktig og pedagogisk uheldig inntrykk av at lova ikkje omfattar det breie spekteret av andre typar lause kulturminne.
3. For det tredje, og mest prinsipielt, manglar definisjonen den avgjerande konseptuelle koplinga til kva det lause kulturminne kjem frå: eit opphavsleg kulturmiljø. Det definerande kjenneteiknet ved eit laust kulturminne er at det er fjerna frå den opphavlege samanhengen sin, ikkje berre at det er «laust» (lite, berbart og mobilt). Eit laust kulturminne er lausrive frå noko (kulturmiljø), og det er dette som må bli vektlagt i ein kontekstuell definisjon. Lause kulturminne har ikkje vorte til i vakuum utan kopling til stadbunden menneskeleg aktivitet.

For å illustrere breidda av materiale som utvalet sin definisjonen ikkje fangar opp på ein tilfredsstillande måte (jf. punkt 2 over), ønskjer AM å understreke at lause kulturminne kan delast inn i fleire kategoriar, der lovframlegget berre vektlegg den første:

- I. **Intensjonelt tilverka artefaktar:** Dette er gjenstandar som er forma av medvitne menneske for eit bestemt føremål. Døma som no står i lovframlegget, som smykke, myntar, reiskapar, våpen eller ting med innskrifter eller bilete, fell alle innanfor denne eine kategorien.
- II. **Restar og spor etter menneskelege tilvergingsprosessar:** Dette omfattar materiale som er avgjerande for å forstå teknologi, handlingsboren kunnskap, handverk, økonomi, logistikk og samfunnsorganisering. Restar og spor er ikkje ferdige eller tilsikta produkt. Døme er verkstadavfall frå produksjon, steinavslag frå tilverking av steinreiskapar, slagg frå metallurgi, eller halvfabrikata som er kassert undervegs i prosessen.
- III. **Geofaktar (naturlege objekt nytta eller modifiserte av menneske):** Dette er naturlege objekt som gjennom menneskeleg bruk eller påverknad kan brukast som kulturhistoriske kjelder. Eit klassisk døme er eldpåverka stein frå kokegroper og eldstader, som kan gje oss kunnskap om erverv, matlaging og busetjing. Eit anna døme intensjonelt innsamla fossil og som ein av og til finne på steinalderbuplasser. Dette er naturlege objekt men som likevel seier noko om korleis menneska i steinalderen tenkte og såg på omverda.
- IV. **Økofaktar (naturvitskapleg kjeldemateriale som kan vere eit resultat av eller er relevante for å forstå forhistorisk menneskeleg aktivitet):** Omgrepet dekkjer eit breitt spekter av materiale som er heilt sentrale for å tolke fortidas miljø og klima i samband med menneskeleg biologi, økologi, kosthald og ervervsstrategiar. Dei viktigaste kategoriane av økofakter er:
 - **Faunamateriale (Dyrebein):** Knoklar, tenner, gevir og skjel frå dyr.
 - **Botanisk materiale (Planterestar):**
 - **Makrobotaniske restar:** Til dømes forkola frø, korn, nøtter, trekol og andre større planterestar.
 - **Mikrobotaniske restar:** Til dømes pollen, sporar og fytolittar.
 - **Geologiske materiale:** Sediment- og jordsmonnprøver.
 - **Anna materiale:** Insektrestar, blautdyrskal (skjel, sniglehus) og fiskebein fell òg inn under omgrepet økofakter.

Kor stort er problemet og korleis kan lova betrast?

Utvalet sin definisjonen av «lause kulturminne» utelèt eksplisitte døme frå dei tre siste kategoriane (punkt 2-4). Det er AM svært kritiske til. Det pedagogiske inntrykket som definisjonen i lovteksta etterlet seg, skaper ei unødvendig uvisse og etablerer ei tilsynelatande innsnevrande tolking, sjølv om lovutvalet insisterer på at dette ikkje er meininga. På bakgrunn av dette foreslår AM at § 4 d) blir endra for å reflektere ei breiare og meir presis forståing av lause kulturminne.

2.3. Arkeologiske feltundersøkingar

2.3.1. § 20 Løyve til inngrep i automatisk freda jordfaste kulturminne

Oppsummering av 2.3.1: Kven skal vurdere og innvilga søknader om forskingsundersøkingar? Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- det er problematisk at fylkeskommunane skal få mynde til å innvilge forskingsundersøkingar, grunna manglande krav til forskingskompetanse og risiko for politisk påverknad.
- mynde bør leggjast til anten universitetsmusea med forvaltningsansvar til Riksantikvaren.
- Fylkeskommunane, Sametinget og universitetsmusea bør få ei rolle som høyringsinstans for å sikre regional samordning og forankring.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM foreslår å endringar i paragraf 20 som flyttar myndet til å gje løyve til forskingsprosjekt frå fylkeskommunen og Sametinget til Riksantikvaren, og gjev samstundes fylkeskommunen, Sametinget og universitetsmusea ei ny rolle som høyringsinstans i desse sakene. *Forslaget er presentert i kapittel 4.2*

AM er kritiske til forslaget om at fylkeskommunane skal få mynde til å vurdere og innvilge søknader om forskingsundersøkingar. Kritikken kan oppsummerast i tre punkt:

- a) Vurderinga av forskningssøknader krev spesialisert og oppdatert kunnskap om den nasjonale og internasjonale forskingsfronten. Vi meiner det er knytt uvisse til korleis dette kompetansekravet kan sikrast hjå fylkeskommunane, ettersom forskning ikkje er del av deira kjerneoppgåver.
- b) Fylkeskommunane er politisk styrte organ, og det er ein risiko for at avgjerder om forskingsundersøkingar i praksis kan bli påverka av politiske prioriteringar. Dersom forslaget blir gjennomført, må det sikrast at undersøkingane blir gjennomførte med ei solid forskingsfagleg forankring, og at det ligg føre tydelege krav til dokumentasjon, metodebruk, rapportering og arkivering.
- c) AM anerkjenner at ei slik oppgåve kan gje incentiv til kompetanseheving blant tilsette i fylkeskommunane, men understrekar at dette òg er eit spørsmål om økonomiske og politiske prioriteringar all den tid fylkeskommunane ikkje har forskning som del av si verksemd.

På bakgrunn av desse omsyna meiner AM at myndet til å gje løyve til forskingsundersøkingar ikkje bør leggjast til fylkeskommunane.

Eit alternativ er å vidareføre dagens ordning. Et anna kan vere at myndet blir lagt til Riksantikvaren for å sikre ein nasjonalt samordna praksis. AM støttar begge desse alternativa men føreslår i tillegg at

fylkeskommunane, Sametinget og forvaltningsmusea kan få ei rolle som høyringsinstans i søknadsprosessen, noko som vil vere i tråd med intensjonen i lova om ei meir integrert og heilskapleg forvalting.

2.3.2. § 47 Rett til å undersøkje, sikre, vedlikehalde med meir

Oppsummering av 2.3.2: definisjon av «mindre utgravingar». Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- *det er heilt avgjerande at den komande forskrifta om «mindre utgravingar» inneheld ein tydeleg definisjon, ei klår avgrensing mot forvaltningsmusea sitt ansvar, og inneheld spesifikke krav til metode og dokumentasjon.*
- *«mindre utgraving» bør erstattast med «mindre undersøking» eller «utvida registrering». Omgrepet utgraving skal forbeholdast forvaltningsmusea si verksemd.*

AM merkar seg at lovframlegget fastslår at omfanget og gjennomføringa av «mindre utgravingar» skal gå fram av forskrift (jf. lovmerknaden). Vi vil likevel understreke at det er **heilt avgjerande** korleis denne forskrifta blir utforma for å unngå at ansvarsdelinga som lovteksten legg opp til vert uklar og ulikt tolka.

Dagens praksis er at fylkeskommunane og Sametinget får dispensasjon frå universitetsmusea til å gjennomføra «mindre undersøkingar»/«utvida registrering». Vi er positive til at dagens praksis vert forskriftsfesta.

For å sikre ei føreseieleg og fagleg forsvarleg forvalting, **må forskrifta innehalde:**

- ein **tydeleg definisjon** av kva som utgjer ei «mindre utgraving», eventuelt erstatta «mindre utgraving» med «mindre undersøking» eller «utvida registrering».
- ei **klår avgrensing** mot dei arkeologiske utgravingane som er forvaltningsmusea sitt ansvar etter § 47 c).
- spesifikke **krav til omfang, metode og dokumentasjon**.

Utan slike presiseringar er det ein fare for at det oppstår faglege tvistar mellom forvaltningsnivåa. AM forventar derfor at forskriftsarbeidet blir prioritert og gjennomført i tett dialog med fagmiljøa ved forvaltningsmusea og i fylkeskommunane.

2.3.3. §§ 48 og 74 Dekning av kostnader (i forbindelse med rettevedtak)

Oppsummering av 2.3.3: dekking av kostnader (§ 48) i forbindelse med rettevedtak (§ 74). Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- *det med ny lov framleis er ein fare for at forvaltningsmusea blir sitjande med den økonomiske risikoen for rettevedtak, noko som kan hindre ei effektiv kulturmiljøforvalting.*
- *det må etablerast eit klårt prinsipp om at økonomisk ansvar følgjer vedtaksmakta, der den myndeinstansen som pålegg retting òg må garantere for kostnadene.*

AM støttar vidareføringa av prinsippet om at forureinar betaler, slik det kjem fram i § 48. Vi er likevel uroa over at lovframlegget ikkje gjev ei fullgod løysing på situasjonar som kan oppstå i samband med rettevedtak etter § 74.

Når fylkeskommunen eller Riksantikvaren pålegg retting av eit ulovleg tiltak, er det i praksis forvaltningsmusea som er den faglege, utførande instansen. Dersom den ansvarlege («forureinaren») ikkje kan eller vil betale for opprettinga, oppstår det eit styringsvakuum. I ein slik situasjon blir forvaltningsmuseet sitjande med den økonomiske risikoen for eit vedtak andre har fatta. Dette kan i praksis bli eit hinder for ei effektiv kulturmiljøforvaltning, då den økonomiske usikkerheita kan gjere det krevjande å gjennomføre naudsynte tiltak.

AM meiner difor at det må etablerast eit klårt prinsipp om at det økonomiske ansvaret må følgje vedtaksmakta. Den myndeinstansen som fattar vedtak om retting, må òg ha ansvaret for å dekkje kostnadene dersom den ansvarlege ikkje gjer opp for seg. Dette vil skape eit meir robust og føreseieleg system, og sikre at god forvaltning ikkje blir hindra av økonomiske vilkår.

2.4. Samlingsforvaltning

2.4.1. § 22 Kva kulturmiljø som kan fredast ved vedtak

Oppsummering av 2.4.1: vedtaksfreding av lause kulturminne. Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- det synest lite effektivt å etablere ein heimel for å vedtaksfreda lause kulturminne på denne måten, då ordninga har for mange praktiske og prinsipielle utfordringar.
- ansvarsforholda kring vern av lause kulturminne i private eige synest særskild uklare og det manglar naudsynte mekanismar for fagleg oppfølging, tilsyn og handheving.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM foreslår at § 22 d) går ut (jf. Avsnitt 4.3).

Vi er tvilande til at den føreslåtte ordninga for **vedtaksfreding av lause kulturminne**, slik ho er skildra i lovframlegget § 22 og utdjupa i NOU 2025: 3 kapittel 19.6.2.3, lèt seg gjennomføre i praksis på ein effektiv og rettssikker måte. I lovmerknaden utdjupar utvalet i kva høve dei ser for seg at vedtaksfreding av lause kulturminne skal vere relevant:

«Freding er aktuelt når eigaren har eigedomsretten til og ansvaret for gjenstanden, i motsetnad til dei andre føresegnene om vern av lause kulturminne i lovframlegget, der rådveldet ligg til fellesskapet.»

Med utgangspunkt i utdjupinga over meiner AM at framlegget reiser ei rekkje uavklarte praktiske og prinsipielle spørsmål:

- **Forvaltning og kompetanse:** Kva for instans skal ha ansvaret til å påleggje ein privat eigar ei plikt til å gjennomføre tiltak? Kven skal ha den naudsynte faglege kompetansen til å utarbeide spesifikke bevaringsplanar for eit mangfald av gjenstandstypar?

- **Oppfølging og sanksjonar:** Kven skal følgje opp at restriksjonane og vedlikehaldsplikta i fredinga blir etterlevde over tid? Kva skal konsekvensen vere dersom ein eigar unnlèt å følgje opp pliktene sine? Lovframlegget manglar mekanismar for effektivt oversyn, tilsyn og sanksjonar.
- **Grensedraging:** Framlegget føreset at freding berre er aktuelt for gjenstandar som ikkje krev profesjonell ivaretaking. Kven skal vurdere kor denne grensa går, og etter kva for kriterium? Eit slikt skiljet er i praksis ofte flytande og kan lett bli ei kjelde til konflikt.
- **Eigarskap i langtidsperspektiv:** Ordninga er sterkt avhengig av ein samarbeidsvillig eigar. Framlegget gjev inga fullgod løysing på kva som skjer ved eigarskifte, til dømes ved arv eller sal, der ein ny eigar er uvillig til å ta på seg ansvaret. Dette svekkjer føreseielegheita og den langsiktige verdien til vernet.

2.4.2. § 33 Råderett over lause kulturminne

Oppsummering av 2.4.2: Råderett og forvaltning av lause kulturminne. Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- det er positivt at lovframlegget vidarefører forvaltingsansvaret for lause kulturminne til universitetsmusea, men vi er uroa over at lova opprettheld dagens fagpolitiske styringsvakuum for den langsiktige samlingsforvaltinga.
- mangelen på eit juridisk rammeverk for den samlingsforvaltinga som heilskap resulterer i ei systemisk nedprioritering og som over tid fører til utilsikta forringing og forfall av samlingane.
- den nye lova må etablere eit tydeleg og meir heilskapleg rammeverk for fellesskapet sin samlingspolitikk, der lovfesta bruk av standardiserte samlingsplanar synest å være det enklaste og mest effektive styringsverktøyet.
- slike samlingplanar vil sikre ei heilskapleg og føreseieleg livsløpsforvaltning av den lause og freda kulturarven og bør utarbeidast etter nasjonale retningslinjer, på same måte som faglege program for utgravingar.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM foreslår at ny lov må pålegga universitetsmusea å utarbeida faglege og standardiserte samlingsplanar og at Riksantikvaren skal gje retningslinjer for utarbeidinga av programma.
Forslaget er presentert i kapittel 4.4.

AM er positive til at lovframlegget vidarefører den etablerte praksisen med å leggje forvaltingsansvaret for lause kulturminne til universitetsmusea. Dette er i tråd med konklusjonen til utvalet om at dagens ordning med statleg eige og forvaltning i hovudsak fungerer etter føremålet, og at ho effektivt sikrar at kulturminna blir tilgjengelege for fellesskapet gjennom både forskning og formidling.

AM er likevel uroa over det som lovframlegget ikkje seier noko om: korleis lause kulturminne skal forvaltast i eit langtidsperspektiv, det vil seie: arkeologisk samlingsforvaltning. Slik lovteksta no er utforma, bidreg ho nemleg til å vidareføre det noverande styringsvakuumet som har prega norsk arkeologisk samlingsforvaltning over fleire tiår. Verken i lovas utgreiing, i sjølve lovteksta eller

merknaden til denne, blir det spesifisert kva arkeologisk samlingsforvaltning teknisk sett er, kva prosesser han inneheld, kven som har ansvaret for at samlingsforvaltning skjer på ein fagleg forsvarleg, effektiv, heilskapleg og standardisert måte. For eksempel seier NOU'en lite eller ingenting om:

- **kurateringsansvaret** for tilvekst og fastsetting av inntaksvurderingar
- **fortløpande konservering og revisjon** av samlingane
- **utlån** av gjenstandar og **tilgjengeleggjering** av samlingane
- organisering og digitalisering av **samlingsdokumentasjon**.

AM meiner at ein under ny lovgjeving bør avklara juridisk kva som reknast som sentrale samlingsforvaltingsoppgåver og kven som skal kontrollere at desse blir utført på ein standardisert måte.

Det er fleire forhold ved NOU 2025:3 som indikerer at lovutvalet ikkje i tilstrekkeleg grad har tatt inn over seg kompleksiteten i prosessen rundt arkeologisk samlingsforvaltning, og dei omfattande administrative, økonomiske, faglege og etiske omsyna som må vurderast og takast omsyn til gjennom heile forvaltingskjeda for arkeologiske lause kulturminne. Rett nok erkjenner lovutvalet sjølv situasjonen: «*Kva råderett forvaltingsmuseet har over dei lause kulturminna, er ikkje fullt ut klargjort i gjeldande lov.*» (27.3.4, s 340). Men i den vidare drøftinga av denne tematikken har utvalet klart å sjå bort frå nær sagt alle relevante styringsdokument som seier noko om vår noverande nasjonale samlingspolitikk. Som til dømes: *Riksrevisjonen dokument nr. 3:9 (2002-2003)*, *Riksrevisjonen dokument nr. 3:10 (2007-2008)*, *NOU 2006:8 Kunnskap for Fellesskapet*, *Stortingsmelding nr. 15 (2007-2008) Tingenes tale*). Utvalet har heller ikkje referert til viktige og relevante museumsfaglege og etiske retningslinjer og standardar (t.d. ICOMs museumsetiske regelverk). Utvalet har i staden redusert spørsmålet kring «råderett» til nokre få element: kassering, avhending og gjengravleggje menneskelege leivningar.

Slik lovteksta no er utforma, blir diverre store deler av den arkeologiske samlingsforvaltninga juridisk sett ståande i eit fagpolitisk styringsvakuum, ein stad mellom *dei faglege programma for forvaltingsutgravingar* (jf. § 60) og *heimelen for to konkrete samlingsforvaltingsmekanismar* (§ 34 kassering og avhending). Det kan sjå ut til at utvalet har vurdert det som juridisk sett viktigast å introdusere to prioriteringsmekanismar for å unngå at samlingane veks ukontrollert; éin i byrjinga av forvaltingskjeda (*inntak*) og éin i slutten (*uttak*). Brorparten av den aktive samlingsforvaltninga skjer derimot i dei faglege prosessane mellom desse to ytterpunkta, mellom *programstyrt inntakspolitikk (policy)* og *ressursbasert uttakspolitikk (policy)*.

Utan strategiske, lokale samlingsplanar som knyter innsamlingspolicy med samlingspolicy, vil samlingsavdelingane på universitetsmusea ikkje kunne arbeide på ein fagleg forsvarleg eller administrativt effektiv måte. Og utan eit tydeleg juridisk mandat for å utarbeide slike planar, vil det vere opp til universitetsmusea sjølve å prioritere, utforme og følgje opp sin eigen samlingspolitikk utan at denne nødvendigvis blir kalibrert eller evaluert nasjonalt. Resultatet av ein slik situasjon kjenner vi, fordi han utgjør dagens situasjon:

- **Gjenstandar blir ståande uregistrerte** (konsekvens: opparbeiding av restansar),
- **Langsiktig, førebyggjande konservering vert nedprioritert** (konsekvens: sakte nedbryting av samlingane),

- **Materialet vert utilgjengeleg for forskning og formidling** (konsekvens: fellesskapet får ikkje tilgang til sin eigen kulturarv).

Dette undergrev intensjonen i lova om at samlingane skal vere ein ressurs for alle i samfunnet, og det gjer systemet lite effektivt og berekraftig over tid.

AM meiner at berre lovfesta bruk av samlingsplanar vil sikre ei heilskapleg livsløpsforvaltning av dei lause kulturminna til fellesskapet. Ein samlingsplan må utarbeidast og oppdaterast på ein dynamisk og vekselverkande måte saman med dei faglege programma for utgraving og forskning, og dette vil gjere ressursbruken i den totale samlingsforvaltninga meir føreseieleg, etterprøvbar og strategisk, i tråd med dei overordna intensjonane i lova om effektivitet, berekraft og transparens. Samlingsplanar vil gje fagleg og operativt grunnlag for å prioritere kva for samlingar som skal katalogiserast, konserverast og digitaliserast, basert på prioriteringane i faglege program, forskingsstrategiar og samfunnsrelevans.

Vidare kan ein samlingsplan definere ulike nivå for sakshandsaming av kulturminna til dømes at visse typar massemateriale blir grovsorterte og registrerte på eit overordna nivå slik at dei blir forsvarleg ivaretekne og gjort tilgjengeleg, medan unike funn får meir inngåande behandling. Prioriteringane i samlingsforvaltninga vil i fråvær av ein overordna, fagleg samlingsplan bli tilfeldige, personavhengige og reaktive, noko som strir mot intensjonen i lova om ei "heilskapleg og føreseieleg forvaltning" (§ 6).

Ein lovheimel for utarbeiding av samlingsplanar, lokalt utvikla etter nasjonale malar, vil ikkje berre løyse styringsvakuemet knytt til tilvekst og overordna forvaltning av lause kulturminne (§ 33), men også fungere som eit avgjerande vurderingsverktøy for fagleg skjønnsutøving i handhevinga av §§ 34, 35, 36 og 37 (sjå argumentasjon i avsnitt 3.4.3-3.4.6)

Konklusjon: ny lov må heimle bruk av samlingsplanar

Både ut frå prinsipielle og praktiske forvaltingsomsyn meiner derfor AM at den nye lova må etablere tydelegare juridiske rammer, ikkje berre for inntaks- og uttakspolitikken til fellesskapet, men òg for den totale samlingspolitikken. **AM trur dette enklast og mest effektivt kan oppnåast ved at den nye lova heimlar bruk av standardiserte samlingsplanar og pålegg universitetsmusea å utarbeide desse.** Planane bør utarbeidast lokalt men etter nasjonale retningslinjer i regi av Riksantikvaren på same måte som dei faglege programma for forvaltingutgravingar jf. § 60.

2.4.3. § 34 Avhending og kassering av lause kulturminne

Oppsummering av 2.4.3: Avhending og kassering av lause kulturminne. Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- det er naudsynt med ein lovheimel for avhending og kassering, men den føreslåtte løysinga med enkeltvedtak er upraktisk og kan føra til ei lite effektiv sakshandsaming.
- framlegget skaper ein byråkratisk prosess som er fjerna frå røynda, nyttar vage vilkår som kan føre til vilkårlege avgjerder, og risikerer å svekke tilliten hjå ålmenta.
- Ei god og mogleg løysinga på desse utfordringane er å innføre eit lovfesta krav om bruk av standardiserte samlingsplanar for forvaltingsmusea.

- Slike planar vil etablere ein transparent og føreseieleg prosess, definere dei vage vilkåra i lova og forankre avgjerdene i eit felles nasjonalt rammeverk som byggjer heilskap og tillit i forvaltinga.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM foreslår at kravet om «enkeltvedtak» blir erstatta med ei føresegn om at avhending og kassering skal skje i tråd med gjeldande samlingsplan. *Tekstforslaget er presentert i kapittel 4.4.*

AM er samde med lovutvalet i at kulturmiljølova må endrast for å gje ein formell heimel for avhending og kassering av lause kulturminne. **Dagens situasjon, der naudsynt og fagleg forsvarleg praksis med å velje ut og kassere materiale teknisk sett kan tolkast som eit lovbrøt, er uholdbar.** Vi støttar difor intensjonen om å endre lova for å anerkjenne denne etablerte praksisen og heilt naudsynte delen av samlingsforvaltinga.

Måten lovforslaget løyser dette på, gjev oss likevel grunn til tre alvorlege bekymringar. Desse heng tett saman og peikar mot den same løysinga. Under går vi gjennom kvar av desse.

1. **Ein byråkratisk prosess fjerna frå røynda:** Framlegget om **enkeltvedtak** er i utgangspunktet fornuftig for gjenstandar som er formelt innlemma i den permanente samlinga, då slike avgjerder allereie er underlagde grundig fagleg og administrativ kontroll. Problemet er at lovframlegget er så vidt formulert at kravet om enkeltvedtak kan bli tolka til å gjelde for all utveljing av materiale, ikkje berre for gjenstandar som allereie er formelt innlemma i samlingane. I røynda er arkeologisk utveljing av relevant kjeldemateriale ein stegvis og fagleg prosess, som skjer kontinuerleg frå funnet vert avdekt i felt til det er konserverert og identifisert i laboratorium. Etter kvart som forvaltinga får eit klårare og meir heilskapleg bilete av situasjonen, kan heile eller delar av materiale kasserast undervegs. Å underleggje dette arbeidet ein tung, byråkratisk prosess med krav til skriftleg grunngjeving og klagerett, er fråkopla røynda. Eit slikt krav vil i praksis lamme den arkeologiske forvaltinga.
2. **Vage vilkår som opnar for vilkårleg avgjersler:** Vår andre bekymring heng tett saman med den første og handlar om dei vage vilkåra i lovteksten, som **«fagleg forsvarleg», «klart fagleg forsvarleg»** og **«ikkje har ressursar»**. Utan eit felles, nasjonalt rammeverk for kva desse omgrepa inneber, er det ein overhengande fare for at det utviklar seg svært ulik samlingspraksis. Bevaring av kulturarven kan då bli avhengig av den tilfeldige budsjettsituasjonen til det enkelte museet, ikkje den reelle kulturhistoriske verdien til gjenstanden. Slike skilnader vil gjere kunnskapsforvalting lite berekraftig over tid.
3. **Risiko for å mista tilliten hjå ålmenta:** Vår tredje og mest alvorlege bekymring er korleis forslaget kan svekkje tilliten til heile forvaltningssystemet. Ved å juridisk isolere ei så alvorleg handling som kassering frå ein heilskapleg samlingspolitikk, opnar ein for ei uføreseieleg og vilkårleg forvalting. Kassering er ei endeleg og irreversibel handling. Viss ålmenta og politikarane opplever at «Museum A kastar det Museum B ser på som viktig», utan at det finst eit overordna rammeverk som slike avgjerder er forankra i, undergrev vi heile systemet sitt truverd. Folk vil med rette spørje om arven vår er i trygge hender og om musea i det heile teke er i stand til å forvalte vår felles kulturarv på ein forsvarleg måte.

Ei felles løysing: Lovfesta samlingsplanar

For oss er det tydeleg at løysinga på alle desse tre bekymringane er éi og den same: **innføringa av lovfesta samlingsplanar**. Ein slik plan, som kvart forvaltingsmuseum må utarbeide etter ein nasjonal mal, vil løyse utfordringane på ein heilskapleg måte:

- Han vil etablere ein **transparent og heilskapleg prosess** for utval og kassering, noko som fjernar behovet for eit rigid og upraktisk krav om enkeltvedtak i alle ledd. Enkeltvedtak kan gjerast der det har ei hensikt i følge planen.
- Han vil **konkretisere og definere** dei vage vilkåra i lova, og sikre at faglege vurderingar og økonomiske vurderingar blir gjort på ein einskapleg og etterprøvbar måte.
- Han vil fungere som eit **felles nasjonalt rammeverk** som sikrar ein ansvarleg og koordinert praksis på tvers av musea.

Ein samlingsplan vil vere den reiskapen som dokumenterer korleis vi som forvaltingsmuseum tek vårt «råderettsansvar» på alvor og utøver det på ein systematisk og heilskapleg måte. AM meiner at dette er den einaste vegen å gå for å sikre ei fagleg forsvarleg, berekraftig og ikkje minst tillitvekkjande forvaltning av fellesskapet sine lause kulturarvsressursar.

2.4.4. § 35 Forbod mot skade på lause kulturminne

Oppsummering av 2.4.4: forbod mot skade på lause kulturminne. Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- formalisert løyve til forskingsinngrep gjennom enkeltvedtak er positivt, men at framlegget er ufullstendig utan eit felles rammeverk som forankrar den faglege skjønnsutøvinga.
- hovudproblemet er at det sentrale vilkåret «fagleg forsvarleg» ikkje er definert, noko som skaper ein fare for vilkårleg og ulik praksis mellom forvaltingsmusea.
- kravet om enkeltvedtak inneber i tillegg ein ny klagerett for tredjepartar, noko som skjerpar krava til at dei faglege vurderingane våre er juridisk robuste og transparente.
- løysinga, på same måte som for § 34, er difor at lova må gje heimel for nasjonale retningslinjer som sikrar føreseielegheit og likebehandling, samstundes som det lokale, faglege spelerommet blir teke vare på.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM foreslår ei ny føresegn om at inngrep til forskning skal skje i tråd med gjeldande samlingsplan. *Tekstforslaget er presentert i kapittel 4.6.*

AM støttar intensjonen bak § 35 om å etablere eit klårt vern for lause kulturminne, samstundes som paragrafen gjev forvaltingsmusea naudsynt heimel til å utføre sitt forskingsbaserte samfunnsoppdrag. Vi er særleg positive til at lova formaliserer prosessen for å gje løyve til forskingsinngrep. Dette er ei naudsynt profesjonalisering som vi i utgangspunktet stiller oss bak.

I motsetnad til merknadene våre til § 34, meiner vi at kravet om enkeltvedtak er føremålstenleg for forskingsinngrep. Ei slik formell sakshandsaming vil auke rettssikkerheita for forskarane og sikre likebehandling. Samstundes fører kravet om enkeltvedtak med seg ei ny administrativ utfordring:

fordi enkeltvedtak kan klagast på (til dømes av representative organisasjonar og minoritetar, jf. § 13 og § 14), blir dei faglege vurderingane våre opna for ekstern juridisk prøving av heilt nye aktørar. Dette kan gjere at prosessen blir meir kvalitetssikra men og meir tidkrevande enn i dag.

Framlegget er likevel problematisk fordi det, på same måte som for § 34, ikkje definerer det sentrale vilkåret som vedtaket skal byggje på: kva som er «fagleg forsvarleg». Utan nasjonale rammer for denne skjønnsutøvinga, står vi i fare for å utvikle ein vilkårleg og ulik praksis mellom forvaltingsmusea. Utfallet av sakshandsaminga kan bli avhengig av kva for museum som forvaltar materialet, ikkje kvaliteten på forskningssøknaden. Dette undergrev prinsippet om rettssikkerheit og likebehandling.

Løysinga på denne utfordringa er difor den same som for forvaltinga av avhending og kassering: lova må gje heimel for å utvikle nasjonale retningslinjer for samlingsforvalting. Slike retningslinjer, utarbeidde i samarbeid mellom Riksantikvaren og fagmiljøa, vil sikre ein felles standard for bruk av kulturarvressursar i forskning. Samlingsplanen vil kunne gje vilkår for kva saker som prinsipielt bør handsamast med enkeltvedtak og gje rom for naudsynt fagleg skjønn lokalt, basert på samlinga sin eigenart, museet sitt faglege program og den lokale konteksten til gjenstanden.

2.4.5. § 36 Søk etter lause kulturminne

Oppsummering av 2.4.5: Søk etter lause kulturminne. Fagmiljøet ved AM vurderer at:

- framlegget til § 36 representerer eit uheldig brot med dagens praksis og vil i realiteten fungere som eit *de facto*-forbod mot metalldetektorverksemd.
- utvalet si grunngjeving ser ut til å vere basert på eit snevert samfunnsøkonomisk perspektiv, noko som står i openberr motstrid til lova sine egne verdimål om kunnskap og om felles ansvar og folkeleg deltaking.
- løysinga på utfordringane vi ser i dag ikkje er eit forbod, men tvert imot å lovfeste dagens praksis ved å skilje tydeleg mellom søk i aktivt pløyelag og i urørt utmark.
- ei berekraftig forvalting av metallsøkarfunn kan best sikrast gjennom lovfesta, faglege samlingsplanar og økonomisk tilskotsordning for forvaltinga.

AM sitt forslag til endring av lovtekst

AM foreslår ei ny føresegn om at søk som inneber oppgraving eller anna fysisk inngrep for å hente opp moglege funn, berre kan gjerast i det øvste pløyelaget på aktivt drive, dyrka mark. Vi foreslår at Riksantikvaren i forskrift kan gje nærare nasjonale retningslinjer for utøving av søk, og til at forvalting av lausfunn frå private søk skal skje i tråd med gjeldande samlingsplan. *Tekstforslaget er presentert i kapittel 4.7.*

AM si faglege vurdering av dette framlegget, slik det ligg føre med tilhøyrande merknader, er at føresegna er lovteknisk vag og i praksis vil fungere som eit *de facto*-forbod mot metalldetektorverksemd. Framlegget vil, om det blir vedteke, føre til eit unødig kunnskapstap, øydeleggje eit stort sett velfungerande samarbeid mellom ekspertar og ålmenta, og aktivt motarbeide den nye lova sine egne verdimål om vern gjennom fellesskapet si oppleving og bruk av kulturarvsressursar.

Vi vil i det følgjande grunngje synet vårt på saka og presentere eit konstruktivt, alternativt framlegg som vi meiner vil sikre både kulturarven og det viktige folkelege engasjementet på ein betre måte enn det lovforslaget legg opp til.

Praksis i dag

Gjennom mange år har forvaltinga på musea, i samarbeid med Riksantikvaren og fylkeskommunane, utvikla ein praksis for metalledetektering som er fagleg pragmatisk og må seiast å representere ein liberal tolking av noverande lovtekst. Denne praksisen kviler på eit avgjerande skilje mellom pløyd mark og utmark.

- På **aktivt pløyd mark** har vi akseptert at private søkjarar grev opp funn innanfor pløyselaget. Vår faglege vurdering er at gjenstandar her allereie er ute av sin opphavlege samanheng og utsette for konstant øydelegging frå moderne landbruk. Ein metalledetektorfører si forsiktige oppgraving av eit ukjent metall-objekt er i denne konteksten eit fysisk inngrep som sikrar at sårbar kulturarv ikkje går tapt.
- I **utmark** er situasjonen motsett. Her er det ein forventning om at alle lause funn potensielt kan ligga i urørte kontekstar (*in-situ*). Retningslinjene til Riksantikvaren for metallsøk har derfor sterkt rådd ifrå private søk og oppgraving i utmark, men dei har ikkje hatt noko heimel til å gjere det forbode under dagens lov. Søk i utmark har derfor førekome, men ingen av dei etablerte metallsøkkarclubbane støttar ein slik praksis.

Systemet vi har skildra ovanfor har fungert som ein sosial kontrakt. Vi som forvalting har vist tillit, og metalledetektormiljøet har i stor grad svart med ein disiplinert innsats for å redde og dokumentere kulturarven som uansett hadde gått tapt i aktive pløyselag etter strenge etiske og faglege retningslinjer.

Framlegget til § 36: eit praksisbrot og eit *de facto*-forbod

Sjølve lovteksten i framlegget er vag, men merknadene er krystallklare og fjernar alt rom for tolking: «*Åtfærdsnorma som lova legg opp til (...) inneber at det ikkje er tillate å grave opp moglege funn*» (s. 461). **Dette er eit reelt brot med heile den etablerte praksisen på feltet.** Lovutvalet si grunngjeving er at dei berre «presiserer gjeldande rett». Dette kan nok teknisk sett vere rett, men det er i så fall ei svært streng og bokstavleg tolking av forbodet mot «skade» etter dagens lov. **I praksis er utvalets presisering ei avviking av den liberale tolkinga som Riksantikvaren og heile fagmiljøet har halde seg til i årevis.** Framlegget fjernar moglegheita til å kunne skilje mellom pløgd mark og utmark og innfører med det eit generelt forbod mot sjølve kjerneverdien til mykje av metallsøkinga: å grava opp funn som elles ville gått tapt.

AM er ikkje overtydd om at dette er den beste faglege løysinga, korkje for forvaltinga, for ålmenta eller for kulturarven vår. Skulle forbodet stå seg, er vi likevel kritiske til det lovtekniske handverket. Det synes for oss at den formuleringa som er mest inngripande og samstundes enklast å forstå («*det ikkje er tillate å grave opp moglege funn*») er plassert i merknadene og ikkje i sjølve lovteksten.

Vurdering av utvalet si grunngjeving og motargument

Når vi les utvalet si eiga utgreiing, blir det tydeleg at omsynet til administrativ forenkling er vektlagt meir enn dei andre vurderingane (for eksempel forskingsperspektivet). Utvalet anerkjenner dei

positive sidene ved metalledetektering, men forkastar alle døme på reguleringsalternativ fordi dei ønskjer å unngå «*meir arbeid og ressursbruk hjå kulturmiljøstyresmaktene*» (s. 345). I staden for å finne ei skreddarsydd løysinga på eit avgrensa og spesifikt felt har ein valt den enklaste løysinga: å sleppa å bruka tid og ressursar på å handtera problemstillinga i det heile.

På AM kan vi godt forstå kvifor utvalet har landa på eit juridisk sett meir restriktivt syn på metallsøking. AM anerkjenner at den store mengda funn som har kome inn til musea dei siste 10-15 åra representerer ei reell kapasitetsutfordring for institusjonane. Ei bekymring blant fleire i fagmiljøet, er i kva grad dei høge kostnadane til spesialisert sakshandsaming og konservering i realiteten er ein slags ikkje-demokratisk og ikkje-fagleg subsidiering av hobbyen til ei lita gruppe. Ut frå ein rein samfunnsøkonomisk analyse av metallsøkarverksemda meiner vi på AM at det er både viktig og legitimt å spørje seg om særbehandlinga metallsøkarfunn har fått i forvaltninga er berekraftig. Utvalet synes å ha landa på ei «nei» til dette spørsmålet og vurderer at nytten er lågare enn kostnadane.

Her tykkjer AM at utvalet har vurdert kost-nytte i for snevert perspektiv. **For det første** tek ikkje vurderinga omsyn det kva unik kunnskap desse funna gjev oss, og kva som eventuelt vil gå tapt om vi ikkje lenger får dei inn. Ein tradisjonell kritikk mot metalledetektorfunn er at dei manglar kontekstuell informasjon. Til dette kan ein innvende at sjølv om funna kjem inn enkeltvis, representerer dei ofte unike og kvalitative vitskaplege primærdata som fortel oss mykje om kronologi, gjenstandstypar og geografisk utbreiing. Over tid gjev funnfrekvens og distribusjonsmønster oss høve til å få eit meir heilskapleg bilete av område, landskap og regionar, og i fleire høve har dette endra forståinga vår av forhistoria på ein fundamental måte.

For det andre er utvalet sitt perspektiv for snevert fordi det ser bort frå den sosiale dimensjonen av berekraft. I **kulturarvsforvaltning** må sosial berekraft handla om meir enn kroner og øre, men også om forankring, legitimitet og relevans av kulturarven i samfunnet som heilskap. Og med utgangspunkt i slikt verdisyn, kjem vi til det kanskje mest paradoksale ved framlegget. Nemleg at det står i direkte motstrid til det moderniserte verdigrunnlaget som den nye lova sjølv løftar fram. Formålsparagrafen (§ 1) fremjar «**oppleving og bruk**» og eit «**felles ansvar**». Metalledektormiljøet er eit av dei beste døma vi har på at desse verdiane blir realiserte i praksis. Frivillige tek eit felles ansvar, og aktiviteten skaper ei positiv oppleving og aktiv bruk av kulturmiljø og kulturlandskapet. Når lokale finn gjenstandar i si eiga bygd, skaper det ei enorm sosial verdi som styrkjer identitet og tilhøyrse. At utvalet då i praksis føreslår å forby nettopp denne aktiviteten, verkar som ei sjølvmotseiing.

Eit alternativ lovforslag

AM meiner det er fullt mogleg å skape eit lovverk som både sikrar ei berekraftig forvaltning og samstundes fremjar det folkelege engasjementet. Løysinga er todelt:

1. For det første må dagens praksis (med eit uformelt skilje mellom aktivt pløyselag og utmark) lovfestast i ein ny paragraf. Ut frå lova må nasjonale retningslinjer utarbeidast (av Riksantikvaren).
2. For det andre må lova etablere eit heilskapleg nasjonale samlingsplanar gjev forvaltning mandat og retningslinjer for korleis vi skal **handtere funna** som kjem inn.

På same måte som i merknadene våre til §§ 33, 34 og 35 vil ei berekraftig forvaltning av tilfeldige lausfunn best kunne oppnåast dersom ho blir forankra i **lovfesta, faglege samlingsplanar**. I praksis er

AM sitt forslag det motsette av eit forbod. I staden for å kriminalisere aktiviteten etablerer ein i staden formelle juridiske grenser for søkjeverskema og formaliserer den påfølgjande sakshandsaminga av funna.

Dette siste er avgjerande for å sikre fagleg og økonomisk berekraft. Det er gjennom ein samlingsplan ein prinsipielt kan avklare korleis tilfeldige metalldetektorfunn skal handterast i praksis, og definere kva for faglege prioriteringar aktiviteten skal knytast til, til dømes gjennom musea sine faglege program eller til forskingsaktivitet. For å styrkje den økonomiske berekrafta, bør eit slikt rammeverk supplerast med ei nasjonal tilskotsordning som er behovsstyrt og basert på faste nasjonale kriterium.

Eit slikt heilskapleg system, der metallsøkarfunn blir formelt og juridisk anerkjende som ein funnkategori vil gje forvaltingsmusea mandatet vi treng (og som vi manglar i dag) til å utarbeide faglege prioriteringsmekanismer som gjer at arbeidet ikkje veks ukontrollert. Samstundes vil vi på denne måten vidareføre det verdifulle samarbeidet med publikum som vi har i dag og som det har tatt fleire tiår å utvikle.

3. FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I LOVTEKSTEN

Forslag til **ny definisjon** er merka med gult.

Forslag til **lovtekst som kan sløyfast** er merka med rødt.

3.1. § 4 Definisjonar

§ 4 Definisjonar

I denne lova tyder

- a) **kulturmiljø: Område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Omgrepet kan òg nyttast som eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og landskap når feltet blir omtalt som heilskap.**
- b) **kulturminne: alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet som kan vere kjelder til kunnskap, eller som blir tillagt kulturhistorisk verdi og meining**
- c) **stadbundne kulturminner: kulturminne der den kulturhistoriske verdien er uløysleg knytt til deira fysiske eller geografiske plassering eller stadar som det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Dette omfattar kulturminne som ligg i eller på grunnen, i berg eller i vatn, til dømes bergkunst, gravminne, ruinar, spor etter byggverk, skogbruk, jordbruk og fangst.**
- d) **lause kulturminne: kulturminne i form av objekt eller material som ikkje er uløysleg knytt til eit stadbunde kulturminne eller som er fjerna frå sitt opphavslege kulturmiljø. Dette omfattar tilverka gjenstandar, restar og spor etter menneskelege tilverksprosessar, naturlege objekt nytta eller modifiserte av menneske eller biologisk materiale som speglar menneskeleg aktivitet eller nærvær, som til dømes: reiskapar, våpen, bygningsrestar, verkstadavfall, eller biologiske leivningar som skjelettdelar og plantematerial.**
- e) **transportminne: kulturminne som er framkomstmiddel, til dømes båtar, fly, bilar, tog, vogner eller sykklar**
- f) **skipsskrog: ikkje-flytande båtar, skipsskrog, last og anna som høyrer til eller har vore om bord**

3.2. § 20 Løyve til inngrep i automatisk freda jordfaste kulturminne

§ 20 Løyve til inngrep i automatisk freda jordfaste kulturminne

Fylkeskommunen og Sametinget kan gje varig eller mellombels løyve til eit tiltak som er nemnt i § 18. Løyve kan berre gjevast om fordelane for eigaren eller samfunnet veg klart tyngre enn skadeverknaden for den kulturhistoriske verdien.

Riksantikvaren kan gje løyve til tiltak som nemnt i § 18 dersom tiltaket er del av eit forskingsprosjekt som har til føremål å gje ny kunnskap og nytten av tiltaket veg klart tyngre enn skadeverknaden for den kulturhistoriske verdien. **Fylkeskommunen, Sametinget og forvaltningsmusea skal vere høyringsinstans før vedtak blir fatta.**

Styresmakta som gjev løyvet etter første eller andre avsnitt kan setje vilkår for løyvet, til dømes om dokumentasjon, arkeologiske undersøkingar, sikringstiltak, overvaking, forskning eller formidling.

Dersom eit tiltak ikkje er sett i gang innan tre år, fell løyvet bort.

Det er ikkje naudsynt med løyve etter første avsnitt for tiltak som er i samsvar med gyldig reguleringsplan, der omsynet til automatisk freda kulturmiljø er avklart av fylkeskommunen eller Sametinget. Før planen blir gyldig, kan det setjast vilkår etter tredje avsnitt. Kommunen skal innarbeide vilkåra i planen. Fritaket frå kravet om løyve gjeld berre i ti år etter at planen er vedteken.

3.3. § 22 Kva kulturmiljø som kan fredast ved vedtak

§ 22 Kva kulturmiljø som kan fredast ved vedtak

Kulturmiljø med høg kulturhistorisk verdi kan fredast ved vedtak. Det gjeld mellom anna

- a) **stadbundne** kulturminne
- b) byggverk og anlegg
- c) kyrkjer
- d) ~~lause kulturminne~~
- e) transportminne
- f) skipsfunn
- g) offentlege minnesmerke
- h) kulturpåverka natur
- i) bygningsmiljø
- j) kulturminneområde, medrekna område med **stadbundne** kulturminne eller marine område
- k) kulturlandskap

Naturmangfald som ikkje er påverka av menneskeleg verksemd, kan inngå i fredinga.

3.4. § 33 Råderett over lause kulturminne

§ 33 Råderett over lause kulturminne

Lause kulturminne frå tida fram til og med **1850**, og samiske lause kulturminne frå tida fram til og med 1917, høyrer til fellesskapet i Noreg dersom dei har kome for dagen ved arkeologiske undersøkingar eller tilfeldige funn, og dersom dei ikkje er privat eigde.

Forvaltningsmuseet har forvaltningsansvaret for lause kulturminne.

Forvaltninga av lause kulturminne skal skje etter faglege samlingsplanar som musea skal utarbeide. Riksantikvaren skal gje retningslinjer for utarbeidinga av planane.

Menneskelege leivningar med kulturhistorisk verdi skal forvaltast som lause kulturminne.

I tvilstilfelle avgjer Riksantikvaren om noko oppfyller alderskriteria i første avsnitt.

Riksantikvaren kan òg avgjere at lause kulturminne som er yngre enn aldersgrensene som er nemnde i første avsnitt, skal høyre til fellesskapet og forvaltast av forvaltningsmuseet dersom dei kjem for dagen under offentlege utgravingar og privat eigar ikkje er kjend.

3.5. § 34 Avhending og kassering av lause kulturminne

§ 34 Avhending og kassering av lause kulturminne

Forvaltningsmuseet kan ~~gjere enkeltvedtak om å~~ avhende lause kulturminne vederlagsfritt i tilfelle der det er fagleg forsvarleg.

Forvaltningsmuseet kan gjere enkeltvedtak om å kassere lause kulturminne dersom det er klart fagleg forsvarleg og det ikkje har ressursar til å ta vare på dei.

Eit laust kulturminne må dokumenterast før det blir avhenda eller kassert.

Avhending og kassering skal skje i tråd med den gjeldande samlingsplanen for forvaltningsmuseet, jf. § 33.

Når forvaltningsmuseet vurderer tiltak som overføring, avhending og kassering av lause samiske kulturminne, skal det konsultere Sametinget etter sameloven kapittel 4 Konsultasjoner.

Sametinget kan ta avgjerd om bruk og gjere enkeltvedtak om oppbevaring og tilbakeføring av samiske menneskelege leivningar. Sametinget skal som grunnlag for avgjerd og enkeltvedtak be forvaltningsmuseet om forskingsfaglege vurderingar og råd.

3.6. § 35 Forbod mot skade på lause kulturminne

§ 35 Forbod mot skade på lause kulturminne

Ingen må skade lause kulturminne som er nemnde i § 33, utan løyve etter siste avsnitt.

Utan omsyn til kven som er eigar, kan forvaltningsmuseet grave fram, flytte, ta opp og undersøkje lause kulturminne som er nemnde i § 33, og setje i verk tiltak for å ta hand om dei.

Dersom det er fagleg forsvarleg, kan forvaltningsmuseet gjere enkeltvedtak om løyve til

- a) gjengravlegging
- b) inngrep til forskning

All museal forvaltning av lause kulturminne, medrekna konservering og inngrep til forskning, skal skje i tråd med den gjeldande samlingsplanen for forvaltningsmuseet, jf. § 33.

3.7. § 36 Søk etter lause kulturminne

§ 36 Søk etter faste og lause kulturminne

Metallsøk og andre søk etter lause kulturminne som nemnt i § 33 er regulert av føresegnene i denne paragrafen.

Søk som inneber oppgraving eller anna fysisk inngrep kan berre gjerast i det øvste pløyselaget på aktivt dyrka mark og berre dersom det ikkje kan skade eller på annan måte påverke automatisk freda stadbundne kulturminne (jf. § 18).

På alle andre område enn det som er nemnt i andre avsnitt, er det ikkje tillate å gjere fysisk inngrep for andre enn kulturmiljøstyresmakta, eller dei som har løyve.

Riksantikvaren skal gje retningslinjer for utøving av søk.

Forvaltning av lause kulturminne funne gjennom metallsøk og andre søk skal skje i tråd med den gjeldande samlingsplanen for forvaltningsmuseet, jf. § 33.

3.8. § 47 Rett til å undersøke, sikre, vedlikehalde med meir

§ 47 Rett til å undersøke, sikre, vedlikehalde med meir

Når grunneigaren eller brukaren er varsla, kan

- a) fylkeskommunen og Sametinget gjennomføre skjøtsel, vedlikehald, sikring og formidling av automatisk freda jordfaste kulturmiljø og område som er freda ved vedtak
- b) fylkeskommunen og Sametinget undersøke automatisk freda jordfaste kulturmiljø ved å søkje etter og registrere dei
- c) forvaltningsmuseet undersøke automatisk freda jordfaste kulturmiljø og skipsfunn med arkeologisk utgraving, dokumentasjon, analyse eller bruk av andre vitenskaplege metodar

Departementet kan gje forskrift om undersøkingar ved mindre undersøkingar av automatisk freda

jordfaste kulturmiljø som kan gjennomførast av fylkeskommunen og Sametinget i samband med undersøkingsplikta i § 46 eller sakar om løyve etter § 20.

Fylkeskommunen og Sametinget kan gjennomføre tiltak etter bokstav b, der dei vurderer at dette

er naudsynt for å få kunnskap om jordfaste kulturmiljø med høg kulturhistorisk verdi frå tida etter

1650 til og med 1850.

Inngrep i grunn og rettar kan gje rett til erstatning. Dersom eigaren og styresmakta ikkje blir samde om ein avtale, skal erstatning fastsetjast med skjønn.

Stavanger, 15.08. 2025

Magnus Mathisen Haaland,
Avdelingsleder for Samlinger

Kristin Armstrong-Oma,
Direktør

Krister Scheie Eilertsen,
Avdelingsleder for Fornminnevern